



Førde kommune



Skisser av Vie barnehage

# Årsrapport 2010

*Førde kommune - Ei drivkraft med menneska i sentrum*

[www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)



## **Innhald**

Innleiing .....	3
Overordna.....	4
Stab og støtte .....	7
Skule.....	10
Barnehage.....	18
Andre tenester innanfor oppvekstsektoren .....	25
Helse og barn.....	29
NAV .....	32
Pleie og omsorg – miljøarbeidartenester og dagtilbod.....	33
Pleie og omsorg – Førde Helsetun og Heimetenesta.....	35
Kultur og kulturskulen .....	38
Tekniske tenester.....	44
Politikk .....	49
Internasjonalt arbeid .....	50
Interkommunalt samarbeid.....	51
Sjukefråvær .....	52
Eigarskap.....	55

## Innleiing

Årsrapporten til Førde kommune fungerer som ei nyttig tilbakemelding frå einingane til rådmannen om status i einingane og kva resultat einingane har oppnådd det siste året. På tilsvarande måte er den også ei tilbakemelding frå rådmannen til Bystyret. Årsrapporten dannar eit verdifullt erfaringsgrunnlag når ein no tek fatt på arbeidet med økonomiplanen.

2010 gav eit godt økonomisk resultat med eit netto driftsresultat (resultat før bruk og avsetting til fond) på 2,8% av driftsinntektene. Dette er nær det målet på 3% som staten og KS tilrår. Auka skatteinntekter, god avkastning på plasserte midlar, lågt rentenivå, positivt premieavvik og meirinntekt frå momskompensasjon forklarar det positive resultatet. Eit overskot på 13,6 mill kr er svært tilfredstillande. Sjølv om lånegjelda er urovekkande høg, har Førde kommune ein god eigenkapitalsituasjon som gjer at vi kan møte framtida på ein betre måte enn mange andre kommunar.

Det er svært gledeleg å sjå at budsjettstyringa i einingane er god sjølv om to einingar av ulike årsaker skil seg klart ut med store overskridingar. Systemet med månadleg rapportering gjer at vi har god oversikt over den økonomiske situasjonen. Også rutinane med rapportering av investeringsprosjekta gjev god oversikt og styring.

I 2010 fortsette den flotte veksten i Førde. Folketalet auka med 172 personar (1,4%) og var ved nyttår 12.207 personar.

Det er også gledeleg at sjukefråværet i Førde kommune vart redusert frå 8,1 % i 2009 til 7,2% i 2010.

2010 er prega av at vi har hatt mange spennande investeringsprosjekt på gang. Bygging av bru og gangveggar på nordsida av Jølstra og opprusting av Festplassen har gitt Førde eit visuelt og kvalitetsmessig løft, og tilbakemeldingane har vore berre positive. Men også opprusting av kinosalen i Førdehuset, nytt kloakkrenseanlegg, 3 nye barnehagar og skuleoppgraderingane har vore viktige og etterlengta tiltak. Men det er særleg fire prosjekt som har vore krevjande i 2010 og som enno ikkje har funne si endeleg løysing – planlegging og utbygging av E39/Førdepakken, ny parkeringsordning i sentrum, Hafstad bydel/Hafstad idrettspark og rådhusutbygginga.

Likevel er det viktig å vere klar over at det viktigaste arbeidet går føre seg ute i einingane der tenesteproduksjonen mot innbyggjarane er – i skulane, barnehagane, pleie- og omsorg, teknisk, kultur og alle dei andre einingane. Her vert det lagt ned ein stor innsats og kvaliteten er god. Dette får vi stadfesta i brukarundersøkingar og medarbeidarkartleggingar der det kjem fram at brukarane og dei tilsette er nøgde.

Eg kan derfor med utgangspunkt i denne årsrapporten trygt slå fast at det vert jobba målbevisst i alle ledd for å nå visjonen vår;

***– Førde kommune – ei drivkraft med menneska i sentrum.***

Eg vil også nytte høvet til å takke alle tilsette og dei folkevalde for eit godt samarbeid i 2010.

Førde 30.03.2011

Ole John Østenstad  
Rådmann

## Overordna

Som det vil gå fram av sektorane og einingane sine årsrapportar har det i 2010 vore lagt ned mykje arbeid for å sikre at kommunen har eit godt tenestetilbod innanfor dei nasjonalt og lokalt prioriterte områda. Vidare har det blitt arbeidd monaleg med å sikre at kommunen har eit godt omdøme blant innbyggjarane. Godt omdøme er mellom anna viktig for kommunen for å sikre framleis auke i folketal og rekruttering av naudsynt kompetanse til privat og offentleg verksemd.

Av viktige hendingar i 2010 kan nemnast:

- Rekruttering av leiarar
- Bygging av nye barnehagar for å sikre full barnehagedekking
- Oppgradering av skulebygg
- Bygging av nytt kloakkreinseanlegg
- Bygging av bru og gangveggar på nordsida av Jølstra og opprusting av Festplassen
- Planlegging av rådhus, kunstmuseum og omsorgsbustadar
- Opprusting av kinosalen i Førdehuset
- Førde kommune etablert som utviklingscenter for sjukeheimar og heimtenester
- Arbeidet med "Samhandlingsreforma" er påbegynt
- Ny næringsorganisering
- Omorganisering av tekniske tenester
- Førdepakke og parkering

Men for at det framleis skal vere slik at kommunen blir opplevd positivt er det viktig å vere merksam på dei utfordringane som ligg framfor oss, til dømes:

- At vi framleis klarar å gi tenester av god kvalitet innanfor stramme økonomiske rammer
- Endra befolkningssamansetting
- "Samhandlingsreforma" som vil utfordre kommunen både når det gjeld kompetanse og økonomisk
- Framleis fokus på Kompetanse- og barnehageløftet
- Behovet for å redusere sjukefråværet
- Utarbeiding av kommunal planstrategi for å sikre at dei viktige prosessane blir gjennomførte og dei rette planane utarbeidde.
- Planlegging og utbygging av E39/Førdepakken
- Ny parkeringsordning i sentrum
- Hafstad bydel/Hafstad idrettspark
- Rådhusutbygginga

## Kostra-tal

Befolkningsdata	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Andel kvinner	50,3	50,2	49,9	49,8	49,4	49,4	50	50
Andel menn	49,7	49,8	50,1	50,2	50,6	50,6	50	50
Andel 0 åringar	1,6	1,6	1,2	1,2	1,1	1,1	1,3	1,3
Andel 1-5 år	7,8	7,8	6,2	6,4	6,1	6	6,2	6,2
Andel 6-15 år	14,5	14,5	13,6	13,7	13,7	13,4	12,7	12,5
Andel 16-18 år	4,8	4,5	4,3	4,3	4,5	4,5	4	3,9
Andel 19-24 år	8,9	9	7,5	7,7	7,8	8	7,6	7,8
Andel 25-66 år	53,8	53,8	54,1	54,2	51,8	51,8	55,3	55,3
Andel 67-79 år	5,8	5,9	8,6	8,4	9,3	9,3	8,3	8,5
Andel 80 år og over	2,9	2,9	4,4	3,9	5,7	5,7	4,5	4,5

Førde kommune har fleire innbyggjarar i aldersgruppene frå 0 til 24 år og færre i aldersgruppa over 67 år enn det vi ser i kommunar vi kan samanlikne oss med, gjennomsnittet for fylket og landet.

Finansielle nøkkeltal	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,5	1,6	1,7	2	3,6	2,8	1,2	1,1
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	4,6	2,8	2,8	2,3	3,8	2,9	2,7	2,1
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	192,1	199,8	182	170,5	190,4	194,7	170,3	175,6
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	37,1	30	24,1	19	19,7	18,6	21	21,6
Frie inntekter i kroner per innbygger	29981	31403	32657	33080	38779	39748	34359	35687
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	56445	67587	39497	35952	47711	52976	29635	31826

Kommuneøkonomien i Førde er prega av høg gjeld samanlikna med andre kommunar samstundes som kommunen har mindre frie inntekter (skatt og rammetilskot) enn dei andre kommunane. Trass i dette er det økonomiske resultatet godt samanlikna mot kommunegruppa, fylket og landet.

Prioritering	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Nto driftsutg per innb. 1-5 år i kr, barnehager	11250	15807	13032	11258	16836	17398	17553	18802
Nto driftsutg til skule , per innbygger 6-15 år	82613	85848	83488	87271	93782	99996	84602	89750
Nto driftsutg pr. innb i kroner, kommunehelse	1379	1659	1637	1631	2158	2288	1710	1785
Nto driftsutg pr. innb i kroner, pleie- og omsorg	10976	11757	12258	12403	16202	16727	12954	13377
Nto driftsutg til sosialtenesta pr. innb 20-66 år	1805	2080	2106	2227	1446	1628	2703	2825
Nto driftsutg per innb 0-17 år, barnevern	3236	3682	5553	5481	4438	4861	5525	5973
Nto driftsutg til adm og styring i kr. pr. innb.	3274	3464	3549	3150	4707	4862	3592	3599

Førde kommune brukar mindre midlar enn samanliknbare kommunar, fylket og landet innan skule, pleie- og omsorg og barnevern. Innan barnehage, kommunehelsetenesta, sosialtenesta og administrasjon og styring ligg vi under landet men over samanliknbare kommunar eller fylket. Oppsummert har Førde kommune ein effektiv tenesteproduksjon – noko vi har sett i fleire år.

Dekningsgrad	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	91,3	90,6	89,6	90,9	91,8	91,6	88,5	89,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,7	8,8	8,3	8,4	8,6	9,1	7,6	8,2
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelse	10,1	10,6	9,4	8,8	11,6	11,5	9,5	9,6
Fysioterapiårsverk per 10 000 innb, kommunehelse	8,8	8	8	7,9	9,9	9,8	8,7	8,6
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	95,4	97,3	95,4	94,1	93,7	93,2
Andel innb 80 år og over som er beboere på institusjon	14	15,1	12,4	12	14,5	14	14,6	14,3
Andel sosialhjelpsmottakere 20-66 år, av innb 20-66 år	3,9	3,9	3,7	3,5	3,1	3,1	3,9	3,9
Andel barn med barnevernstiltak ift. innb 0-17 år	2,8	2,4	4,5	4,4	3,6	3,9	4,3	4,5
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innb	8,1	7,9	9,8	8,1	19	18,8	7,9	7,9
Syssel-, gangveier/turstier mv. per 10 000 innb.	11	13	31	41	42	37	36	37
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	12	11	18	16	22	23	21	20

Sjølv om Førde kommune har mindre midlar til disposisjon enn andre kommunar kan kommunen tilby god dekning på tenestene. På nokre område skil kommunen seg ut – fleire av innbyggjarane over 80 år har plass på institusjon enn kva ein finn i kommunar vi samanliknar oss med, vi har færre bustader som kommunen disponerer og talet på barn med barnevernstiltak er svært lågt.



## Stab og støtte

### Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Administrasjon	Jan Birger Moe	16,84	21	5,86
SYS-IKT	Åge Klausen	12	12	1,54
Rekneskap og skatt	Terje Guddal	19,9	21	3,46
Fagutvikling og koordinering	Øystein Høyvik	10,8	11	1,43

- I oversikta over stillingar og årsverk er det rekna med personar som er tilsett i prosjekt og mellombelse engasjement
- Alle stabane har systematisk oppfølging av sjukefråværet i samsvar med rutine som IA-bedrift
- Rekneskap/skatt er økonomikontor for dei tre kommunane Førde, Gaular og Naustdal
- SYS-IKT er eit interkommunalt kontor som leverer tenester til 10 kommunar. Vart ved inngangen i 2010 omorganisert frå å vere eit vertskommunesamarbeid til å vere organisert som eit interkommunalt samarbeid etter §27 i kommunelova.

### Økonomi

Eining	Rekneskap 2010 (1000 kr)	Budsjett 2010 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Administrasjon	12 217	13 256	1 039	8 %
SYS-IKT (Førde sin del)	2 275	2 275	0	0 %
Rekneskap og skatt	6 615	7 063	448	6 %
Fagutvikling og koordinering	20 494	22 293	1 799	8 %
<b>Samla</b>	<b>41 601</b>	<b>44 887</b>	<b>3 286</b>	<b>22 %</b>

Alle stabseiningane kjem ut med mindreforbruk som samla utgjør 3,3 mill kr.

Vakante stillingar er forklaring til mindreforbruket for alle stabseiningane.

Vakansen i stillingar har ulike årsaker; vanskar med å rekruttere, mellombelse permisjonar og frikjøp av ressursar inn i prosjektstillingar.

### Viktige hendingar

- Ferdigstilling og implementering av ny HMS- og personalhandbok
- SYSIKT er omorganisering til §27-samarbeid
- Rolleavklaring mellom SYS IKT og kommunane – etablering av IKT-koordinator
- Ny versjon av økonomisystemet Agresso 5.5.3 frå 01.01.2011

### Mål som vart nådd som forventa

#### Brukarane

- Nedsett arbeidsgruppe i SYS IKT for vurdering av nytt telefonsystem - sentralbord
- Tilfredstillande utvikling innan elektroniske verktøy – nye tenester Komtek, Infoland
- Kommunen er på Facebook
- Oppstart av prosjektet ”Ny felles skuleløysing for SYS”
- Etablert månadleg budsjettoppfølging med einingsleiarane (fadderordning)

#### Medarbeidarar

- Etablert arbeidsgruppe som både skal kartlegge omfanget av deltidsstillingar, samt framlegg til tiltak for å redusere dette. Resultata ligg føre i 2011.

- Etablert arbeidsgruppe som har levert framlegg til arbeidsgjevarpolitikk. Skal handsamast i Administrasjonsutvalet i løpet av våren 2011.
- Har arbeidd med å få dei etiske retningslinjene kjente og innarbeidde blant tilsette i einingane
- Har ikkje hatt brot på dei etiske retningslinjene

#### Økonomi

- God økonomistyring
- Vurdere andre måtar å arbeide på som er meir kostnadseffektive. Eksempel på dette er å ta i bruk elektroniske løysingar som lønsslippar på e-post, få fleire kundar over på e-faktura. I 2011 vil og arbeidet med å ta i bruk forsystem knytt til løn ta til for fullt.

#### Samfunn

- Fleire positive presseoppslag om Folkehelse/SLT og Førde som utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester

#### Interne prosessar

- Fleire kapittel i Personalhandboka er implementert. Bruken av handbøker fungerer tilfredstillande.
- Beredskapsplanen er oppjustert men behov for fleire ROS analyser samt samkjøring av planverket.
- Har starta opp arbeidet med økonomihandboka og fått på plass ein del rutiner. Endeleg fakturerings/innkrevjings-handbok er ferdigstilt.
- Fagutvikling og koordinering har gitt tilbod til einingar i samband med intern vurdering av eiga eining

#### **Mål som delvis eller ikkje vart nådde**

##### Interne prosessar

- Utvikling av arkivtenestene startar opp i 2011 iom at ny arkivar først blei tilsett i februar 2011.

#### **Utfordringar framover**

- Nye retningslinjer sett store krav til arkivrom i framtida; både dagligarkiv og bortsettingsarkiv. Frå 2012 vil krava bli skjerpa iom at det vil bli utført tilsyn. Kommunen må derfor allreie i 2011 planleggje overgang til elektronisk arkiv og papirlaus kommunikasjon både internt og eksternt. Ved etablering i nytt Rådhus så må heller ikkje verdifull plass bli oppteken av arkiv. Dette vil vere krevjande på mange måtar, og utfordre organisasjonen på mange områder.
- Kontinuerleg vurdering av kompetanse, tilpassing og tilrettelegging av HelpDesk
- Utrulling av prosjekt ”Ny felles skuleløysing i SYS”
- Ferdigstille økonomihandbok
- Innføring av Agresso modul 5.5.3
- Innføre og ta i bruk forsystem innanfor løn og fakturering som kan rasjonalisere drifta i einingane og på rekneskap/skatt
- Gjennomføre opplæring innanfor rekneskap/Agresso i einingane/kommunane for å auke kvaliteten på bilag inn til eininga, og ikkje minst sette einingane/kommunane betre i stand til å ha god budsjettkontroll



- Rekneskap/skatt har ansvar for arbeidsgjevarkontroll i kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal. I 2010 har eininga ikkje klart å utføre det tal kontrollar ein er pålagd. Eininga skal gjennom omdisponering av ressursar og betre planlegging jobbe mot å innfri kravet i 2011.
- Få avklart kva rolle fagutvikling og koordinering skal ha i høve arbeidet med kommuneplan og styrings- og kvalitetssystem
- Bemanning/kompetanse knytt til skule- og barnehagesektoren
- Ressursar og kompetanse knytt til koordinatorkrolla i ansvarsgrupper for barn med rett til individuell plan

### Kostra-tal

Administrasjon, styring og fellesutgifter	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Bto driftsutg pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter	4925	5161	4001	3481	5516	5082	4135	3714
Nto driftsutg pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter	3343	3167	3493	3027	4928	4477	3542	3181
herav: Lønnsutg pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutg	3327	2787	2515	2092	4164	3770	2939	2474
Bto driftsutg til Politisk styring, i kr. pr. innb.	279	261	365	297	533	481	349	310
Bto driftsutg Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb.	113	102	80	82	151	141	84	88
Bto driftsutg Administrasjon, i kr. pr. innb.	4016	4610	2996	2976	4053	4249	3139	3197
Bto driftsutg Forvaltningsutg i eiendom, i kr. pr. innb.	199	242	110	119	94	135	141	185
Bto driftsutg Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb.	250	239	384	300	404	428	354	349
Bto driftsutg Premieavvik, i kr. pr. innb.	54	-314	-225	-369	75	-535	-523	-687
Bto driftsutg Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb.	15	17	280	55	166	136	457	166
Bto driftsutg Interne serviceenheter, i kr. pr. innb.	0	3	11	22	40	46	135	107

Dette er vanskelege tal å samanlikne med andre då Førde til dømes har bruttokostnad for SYS IKT (interkommunal samarbeid) inkludert i kostnad til administrasjon, styring og fellesutgifter.

Vi ser av tabellen at Førde kommune har redusert netto driftsutgift pr. innbyggjar i administrasjon, styring og fellesutgifter frå 2009 til 2010. Niåvet i 2010 er likt med samanliknbare kommunar og landet, og lågare enn fylket.

# Skule

## Organisering

Einig	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Angedalen skule	Ingunn Ramstad	6.08	7	4,5
Flatene skule	Frode Solemdal	29.6	37	8.6
Frøysland skule	Lilly Grøneng	2.65	3	2
Førde barneskule	Åsmund Rakke	28,4	35	8
Førde ungdomsskule	Kjell Skaaheim	39	42	4
Halbrend skule	Åge Stafsnes	39	47	5
Holsen skule	Synneve Reiakvam	12.16 inkl barnehagen	15	4.4
Karstad skule	Britt N.Solheim	4.2	6	2.4
Slåtten skule	Torhild Hvidsten	41	56	4.1
Sunde skule	Anne Midtbø	11.05	18	2,5

## Økonomi

Einig	Budsjett 2010	Rekneskap2010	Avvik i kr	Avvik i %
Angedalen skule	3.525	3.476	-49	-1.3%
Flatene skule	16.673	16.633	-40	-0.2%
Frøysland skule	1.713	1.696	-17	-0.9%
Førde barneskule	15.044	15.175	131	0.8%
Førde ungdomsskule	22.374	22.330	-44	-0.2%
Halbrend skule	25.016	25.783	767	3.0%
Holsen skule	3.468	3422	-46	-1.3%
Karstad skule	3.281	3.218	-63	-1.9%
Slåtten skule	20.960	20.947	-13	0%
Sunde skule	7.671	7.659	-12	0%

## Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Førdeskulen	<p>I 2010 har også Førdeskulen styrka sitt omdøme som ein god skule både med faglege gode resultat til eksamen, men også gjennom auka trivsel for elevane. Dette året har mange kommunar/skular vore i kontakt med Førdeskulen for å lære. Då både gjennom direkte besøk på skulane, men også ved at lærarar og leiarar har hatt mange oppdrag på konferansar rundt om i Noreg. Dette har vore svært god omdømebygging for Førde.</p> <p>Det har vore skrive Masteroppgåve om Førdeskulen som del av leiarutdanning på NTNU. Denne har vorte presentert på fagkonferansar, og ført til fleire hendingar om å sjå nærare på korleis vi driv</p> <p>Resultata til eksamen i 10. klasse var svært gode og langt over landsgjennomsnittet</p>
Halbrend/Førde ungdomsskule/Sunde skule	<p>Opprustinga av Førde ungdomsskule har halde fram i 2009, men enno står det mykje igjen. Rehabiliteringsprosjektet på Halbrend skule har gått for fullt i 2010, og ein stor del av nybygget vart teke i bruk dette året. Utbygginga av Sunde kom godt i gang i 2010, og i tillegg fekk skulen ny ballbane med kunstgras..</p>

## Måloppnåing Brukarane

	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p>1.1 Tilpassa opplæring Innføre portfolio som arbeidsmetode i Førdeskulen innan 2009</p> <p>Alle elevar skal ha sin eigen digitale portfolio, og ved hjelp av denne vise si utvikling og forklare si eiga læring.</p>	Skulen skal ha teke i bruk analog portfolio på alle steg frå hausten 2010	Årsmelding og skulebesøk syner at dei fleste skulane/klassane har på plass analog Portfolio. Mange er også godt i gang med digital portfolio.
<p>1.2 Lese og skriveopplæring</p> <p>Kartleggingsprøver: 2.steget : Elevane i Førde skal prestere godt over nasjonalt nivå</p> <p>5.steg: Førde skal ligge over nasjonalt nivå</p> <p>8.steg: Førde skal ligge over nasjonalt nivå</p> <p>Resultat frå kartlegging/prøvene skal drøftast med elev og foreldre og vere grunnlag for å setje nye mål</p>	<p>95% over kritisk grense</p> <p>Mindre enn 20% av på nivå 1 Mindre enn 15% av elevane på nivå 1 og 2</p> <p>Gjennomført og dokumentert</p>	<p>Ca 92%</p> <p>39,2%</p> <p>19.2%</p> <p>Framlagd dokumentasjon på skulebesøk dokumenterer at dette er gjort.</p>
<p>1.3 Matematikk/"Å kunne rekne"</p> <p>Kartleggingsprøver: 2.steget : Elevane i Førde skal prestere godt over nasjonalt nivå</p> <p>5.steg: Førde skal ligge over nasjonalt nivå</p> <p>8.steg: Førde skal ligge over nasjonalt nivå</p> <p>Resultat frå kartlegging/prøvene skal drøftast med elev og foreldre og vere grunnlag for å setje nye mål for eleven si læring</p>	<p>95% over kritisk grense</p> <p>Mindre enn 20% av på nivå 1</p> <p>Mindre enn 15% av elevane på nivå 1 og 2</p> <p>Gjennomført og dokumentert</p>	<p>Ca 94 %</p> <p>19,4%</p> <p>18,5%</p> <p>Framlagd dokumentasjon på skulebesøk dokumenterer at dette er gjort.</p>
<p>1.4 Digital kompetanse</p> <p>4. steg: Elevane skal kunne nytte digitale hjelpemiddel som t.d PP for å presentere eige arbeid.</p> <p>Fronter skal vere i bruk som læringsplattform frå 1. steg, alle skular har ein plan for elevane og lærarane sin bruk av Fronter.</p> <p>Elevundersøkinga: Scoren på elevar som svarar "fleire gonger i veka" på spørsmålet "Kor ofte bruker du PC/data til arbeid på skulen" skal aukast: 7. steg: 57 % i 2009 til 100 % 2011 10. steg: 30 % i 2009 til 100% i 2011</p>	<p>Alle elevane i 4. klasse har laga 1 PP presentasjon Alle elevane kan å bruke Fronter</p> <p>7.steg: 60%</p> <p>10.steg:40%</p>	<p>På av alle skulane er desse måla nådd. Dei andre er i gang.</p> <p>62,2%</p> <p>48,5%</p>

	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p>1.5 Elevvurdering</p> <p>4.steg: Elevane skal vere med på å setje egne mål saman med lærar og foreldre. Eleven skal vere med og vurdere om måla er nådd innan 2010.</p> <p>Elevundersøkinga: Scoren på elevar som svarar i ”i alle eller dei fleste fag” på spørsmålet ”fortel lærarane deg kva du bør gjere for at du skal bli betre i faga” skal aukast:</p> <p>7.steg: Frå 37% 2007 til 80% i 2010</p> <p>10.steg: Frå 20% i 2007 til 80% i 2010</p>	<p>Alle elevane har vore med å sett egne mål i samband med elev og foreldresamtale</p> <p>7.steg: 70%</p> <p>10.steg: 50%</p>	<p>Skulebesøket og årsmelding syner at alle er i gang med dette på 4.steget</p> <p>78,1%</p> <p>75%</p>
<p>1.6 Elevmedverknad</p> <p>4.steg: Elevane skal få opplæring i og erfaring med ulike oppgåvetypar og arbeidsmåtar i faga. Elevane skal ha arbeidsplanar der det er mogleg å velje oppgåvetypar og arbeidsmåtar innan 2011</p> <p>Elevinspektørane: 7. steg: Scoren på elevar som svarar ”i alle eller dei fleste fag” på spørsmålet ”spør læraren deg kva du sjølv synest om skulearbeidet ditt”, skal auke frå 28 % i 2007 til mellom 50 % i 2010</p> <p>10.steg:Scoren på elevar som svarar” i alle eller dei fleste fag/mange fag” på spørsmålet ” vere med på å setje egne læringsmål” frå 24% i 2007 til 50% i 2010</p>	<p>Arbeidet med arbeidsplanar med mål</p> <p>40%</p> <p>50%</p>	<p>Skulebesøk syner at dei fleste elevane no har arbeidsplanar med mål</p> <p>62,2%</p> <p>27%</p>
<p>1.7 Mobbing</p> <p>4 steg: Ingen elevar skal føle seg mobba</p> <p>Ingen elevar skal føle seg mobba på skulane i Førde. Skal målast gjennom Elevundersøkinga på ved å sjå på scoren på elevar som svara ”ikkje i det heile tatt” på spørsmålet ”er du blitt mobba på skulen dei siste månadane” .</p>	<p>Ingen saker meldt til skulen om mobbing</p> <p>7.steg: 100%</p> <p>10.Steg: 100%</p>	<p>Skulebesøka syner at det ikkje er saker om mobbing på 4.steget</p> <p>96,6%</p> <p>95,7%</p>
<p>1.7 Elevane sitt arbeidsmiljø</p> <p>Alle elevane i Førde har rett til eit trygt og sikkert arbeidsmiljø. Korleis dette er skal målast gjennom Elevundersøkinga ved å sjå på scoren på spørsmålet ” Bli du forstyrta av at andre elevar lagar bråk og uro i arbeidsøktene”</p>	<p>7.steg: 0%</p> <p>10.steg: 0%</p>	<p>17,9%</p> <p>13,5%</p>

	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p><b>Foreldremedverknad</b></p> <p>Brukarundersøking: Skulen skal syne interesse for foreldra sitt synspunkt på skulekvardagen og resultatet fra brukarundersøkelsene skal legges fram for FAU til grundig behandling. Foreldra sin score på spørsmålet ”. Jeg/vi er godt fornøyd med dialogen mellom heim og skole” skal auke frå 4,5 i 2008 til 4,7 i 2012</p> <p>Alle resultat frå det nasjonale og kommunale kvalitetssystem skal drøftast med foreldra</p> <p>Foreldreundersøking: Scoren på spørsmålet: ”Jeg/vi, kontaktlæreren og barnet mitt/vårt kommer i hver samtale til enighet om hva barnet mitt/vårt selv skal følge opp i forhold til egen læring og utvikling” skal auke frå 4.5 I 2008 til 4,7 i 2012</p>	<p>4.6</p> <p>Skal vere gjennomført drøfting</p> <p>4.6</p>	<p>4.6</p> <p>Gjennom skulebesøka er det stadfesta at slik drøfting er gjennomført</p> <p>4.7</p>

#### Medarbeidarar

	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p><b>2.1 Kompetanseutvikling</b></p> <p>Alle lærarane skal ha IKT kompetanse i samsvar med LIKT standard</p> <p>Alle lærarar skal kunne nytte varierte arbeidsmåtar i klasserommet som tek omsyn til at elevlar lærar forskjellig.</p> <p>Alle lærarar skal nytte varierte metoder/verktøy der elevane får høve til å sette individuelle mål for læring, vurdere desse og får tilbakemelding frå lærar.</p>	<p>90% av lærarane har nådd standarden</p> <p>Rektor har sett at dette skjer ved skulevandring</p> <p>Gode resultat på elevundersøkinga når det gjeld fagleg tilbakemelding til elevane</p>	<p>Ut frå årsmelding og skulebesøk samt bruken av Fronter syner at målet stort sett er nådd.</p> <p>Skulane er godt i gang med dette arbeidet.</p> <p>Resultata på Elevundersøkinga syner at elevane er godt nøgde med dette.</p>
<p><b>Læring på arbeidsplassen</b></p> <p>Medarbeidarundersøking: Alle tilsette skal ha kunne ha høve til fagleg og personleg utvikling i jobben. Vi skal auke scoren på tilfredshet omkring dette frå 4,4 i 2009 til 5 i 2012.</p>	<p>4.7</p>	<p>4.6</p>

#### Økonomi

	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p><b>3.1 Læringsmiljø</b></p> <p>Brukarundersøking: Scoren frå foreldra sitt gjennomsnitt på spørsmåla på området ”fysisk læringsmiljø” skal auke frå 3,9 2008 til 4,5i 2012.</p> <p>Elevundersøkinga Elevane i Førde skal ha undervisningslokale og utstyr som motiverer og fremjar lærelyst.</p>	<p>4.3</p> <p>7.steget: 80 %</p>	<p>4.3</p> <p>83,4%</p>

	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
Dette skal målast gjennom Elevundersøkinga ved å måle scoren på elevar som svarar ”svært fornøgd/ fornøgd” på spørsmålet ”er du nøgd med lærebøker og utstyr”	10.steget: 80%	49%
3.2 Digital kompetanse Alle elevar skal ha tilgang til datanettverk i klasserommet sitt .	3 elevar pr. PC på u.steget og 4 på barnesteget	Ca 3
3.3 Tilpassa opplæring Førde kommune skal ha redusert tal elevar pr. lærar til landsgjennomsnittet	11.5	12
<b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b>		

### Samfunn

	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
4.1 Skulen og eleven i lokalsamfunnet Elevane på ungdomssteget skal få eit godt grunnlag for framtidig yrkesval. Korleis vi lykkast med det, skal målast gjennom Elevundersøkinga ved å sjå på Scoren til elevar i 10.kl som svarar ”svært fornøgd /fornøgd” på spørsmålet ”I kva grad er du fornøgd med informasjonen du får frå skulen i forhold til å velje type vidaregåande opplæring som passar for deg”	10.kl.: 65%	76%

### Interne prosessar

	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
5.1 Lærande organisasjonar Skulane skal systematisk nytte resultat frå dei kommunale og nasjonale kvalitetssystema som grunnlag for endring.  Rektor skal nytte skulevandring som verktøy for skuleutvikling	Det føreligg tiltaksplanar for å fylgje opp resultatata frå kartleggingsprøvene, Nasjonale prøver og Elevundersøkinga. Nye mål skal vere nedfelt i Handlingsplanen for 2010. Alle skular har starta med Skulevandring	Skulebesøk og årsmeldinga syner at alle skulane har planar for oppfølging av ulike kartleggingar i samsvar med den kommunale planen. Resultata vert også nytta i nye Handlingsplanar.  Skulebesøk syner at alle skular er i gang med skulevandring som leiingsverktøy.

### Mål som vart nådd

- Alle skulane er i gang med Portfolio, og mange er også i gang med Digital Portfolio.
- På nasjonale prøver i rekning i 5. og 8. klasse held vi dei gode resultatata frå tidlegare år og målet som vart sett er nådd.
- På 7.steget svarar 100% av elevane at dei nyttar data meir enn 1 gong i veka på skulen og dette er betre enn målet vi sette på 60%.



- Elevane i på 7. og 10. steget svarer h.h.v. 72% og 57% at lærarane i alle/dei fleste fag fortel kva dei skal gjere for å bli betre. Dette er over målet på 70% og 50%
- Av elevane på 7.steget svarer 42 % at dei er godt nøgd med korleis dei får delta i eigenvurderinga og det er betre enn målet som vart sett på 40%
- Elevundersøkinga syner at det er mindre mobbing i Førdeskulen enn i landet og fylket. Vi må difor kunne seie at målet for 2010 er nådd sjølv om vi ikkje nådde målsetjinga om 100% mobbefritt skulemiljø.
- Mange elevar er no nøgde med informasjonen i høve val av v.g.opplæring, og resultat var betre enn målet. Det syner at arbeidet med Utdanningsval no syner resultat.
- Vi har no fått på plass systemet med rektor si skulevandring for å gje lærarane faglege tilbakemeldingar. Dei fleste lærarane har gjeve tilbakemelding om at dei er nøgde med dette systemet.
- 83% av elevane i 7.kl. var fornøgd/svært fornøgd med lærebøker og utstyr. Dette er over målet på 80%.
- På 10 steget svarar 48.5% av elevane at dei nyttar data fleire gonger i veka og det er godt over målet på 40%.
- Målet om auka foreldremedverknad er nådd, og syner at foreldra er godt nøgde med dialogen heim-skule
- Foreldra er rimeleg godt fornøgde med standarden på skulane

#### **Mål som er delvis eller ikkje nådd**

- På nasjonale prøver i skrivning i 5. syner resultatata for stor tilbakegang. Målet var 20% på dei lågaste nivå i 5. medan resultatet vart 39 . Dette er ikkje godt nok og må jobbast vidare med.
- Målet om berre 5% under kritisk grense på kartleggingsprøvene i 2. klasse i lesing og rekning vart ikkje nådde.
- Av elevane på 10.steget er det berre 27% som svarer at dei får vere med på å setje eigne læringsmål, og det er langt unna målet på 50%
- På spørsmålet om dei vert uro av andre elevar som lagar bråk i timane, svara h.h.v. 7. og 10 steget 17.9%/13%. Dette er bra framgang for 10. klasse. Målet var 0%, noko som er ei svært ambisiøs målsetjing. Her må det jobbast vidare.
- 49% av elevane i 10.kl var fornøgd/svært fornøgd med lærebøker og utstyr. Dette er langt unna målet på 80%.
- Målet om færre elevar pr PC vart nådd.
- Målet om meir tilpassa opplæring gjennom færre elevar pr lærar vart ikkje nådd.

#### **Utfordringar framover**

- Skal vi kome vidare med den digitale utviklinga i Førdeskulen, må vi forbetre infrastrukturen monaleg. Dette gjeld talet på maskiner både til elevar og lærarar, men også kvaliteten på dei. Den sentrale serverkapasiteten må også aukast. I tillegg må kompetansen på kommunenivå aukast og det må avsetjast tid/få på plass kompetanse på kvar einskild skule for å fylgje opp lærarane.
- Svært knappe midlar til drift over lang tid slår no ut på mangel på læremiddel utstyr for elevane og har konsekvensar for deira læring. M.a. hemmar det no den satsinga vi gjer på LUS (Leseutvikling) og veileda lesing for å rette opp dei dårlege resultatata på leseundersøkingane. Satsinga vil kreve mykje meir satsing på tilpassa lesemateriell. Ei av dei store utfordringa i norsk skule er å få auka elevane si forståing m.a. av ulike begrep. Dette vil krevje mykje meir konkretiseringsmateriell i dei ulike faga for å få til.
- Det vert stadig fleire elevar med spesielle behov som krev store ekstra ressursar. Mangel på slike ressursar går kvar dag utover kvaliteten på det tilbodet vi gjev, men

det aukar også slitasjen på dei tilsette og kan på sikt føre til auka sjukefråvær. Mangel på midlar til å setje inn vikarar forsterkar berre desse problema. Vi ser også at prosenten elevar med spes.ped. vedtak aukar medan målsetjinga var ein nedgang.

- Auken i tal lærarar over 55 år som skal ha nedsett leseplikt fører til at elevane får færre undervisningstimar. Skulane må få kompensert dette for å kunne halde opp kvaliteten i Førdeskulen
- Alle skulane gjev uttrykk for at det administrative trykket har auka over tid utan at dei administrative ressursane har auka. Dette samsvarer med det som Tidsbrukutvalet har påpeika, og vi må sjå på korleis vi kan styrke dei administrative og pedagogiske støttesystema for å gjer rektorane våre til enno betre leiarar.
- Skulane i Førde held no på å utvikle seg i ulik lei, og omgrepet Førdeskulen er i fare. Her trengst det fornya satsing på utvikling av fellesskulen i Førde mot 2015.

### Kostratal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Andel 6-15 år av innbygg.	14.5	14,5	12.7	12.5	13.7	13.4	13.6	13.7
Nettodrift grunnskuleoppl. i % av samla driftsutg.	35.5	35	28.5	28.5	30	30.4	31.7	33.0
Prosentelevar som får spes.ped.	8.7	8,8	7.6	8,2	8.6	9,1	8.3	8,4
Grunnskulepoeng	42.49	42,59						
Netto driftsutg. pr. innbygger 6-15 år	82.613	85.848		88.514	92.280	99.996	83.488	86.694
Netto driftsutg. Til underv. 6-15 år	67.201		65.030		75.795		67.011	
Netto driftsutg. til lokaler og skyss pr.innb.6-15	13.583	14.818	16.900	17.004	16.484	17.745	14.787	15.507
Gj.snitt gruppestorleik 8. – 10. klasse	14.6	15.1	14.8	14.9	12.7	12.7	14.3	15.1
Gj.snitt gruppestorleik 1. -7. klasse	12.7	13.1	13.2	13.2	10.7	10.5	13	13.2
Elevtal pr årsverk undervisningsrelatert	12		12.2		10.2		11.9	
Datamaskin pr.elev	3.2		3.2		2.7		3.4	
Driftsutg. Inventar og utstyr pr. elev	531	456	736	852	666	711	716	730
Driftsutg. underv. matr. pr. elev	1330	1.267	1493	1.492	1843	1.761	1554	1.465

### Kommentarar:

Kostra tala syner at Førde framleis har ein mykje større del av befolkninga i alderen 6-15 år enn dei fleste andre kommunar. Difor må også kommunen nytte ein mykje større del av budsjettet sitt på denne gruppa enn dei fleste andre kommunar. Tala syner elles at Førde framleis nyttar ein del mindre pr. elev til grunnskuleundervisning enn gjennomsnittet. Dette til tross får vi svært gode faglege resultat, noko m.a. auken i grunnskulepoeng syner.

KOSTRA tala underbygger elles det som er sagt om manglande midlar til drift i skulane, og den store nedgangen i midlar til inventar og utstyr og undervisningsmatriell gir stor grunn til bekymring.

Tala syner elles at talet på elevar pr datamaskin aukar i Førde medan dei går nedover elles er urovekkande og syner at det er tid for eit krafttak for å fornye maskinparken.

# Barnehage

## Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Halbrend Barnehage	Sidsel H.Øvrebotten	23.4/15.4	28/17	5,93
Solsida	Elin Hagen	25.56/21,5	28/27	10,6
Slåttebakkane	Edel Karin L.Langeland	10	11	13,7
Sunde barnehage	Aase Leknes	13,7	17	5,27
Vie	Siv Gråberg	21.2	27	10,45
Førde Familiebarnehage	Åse Leknes	13.1	16	6,58
Karstad barnehage	Britt N. Solheim	3,2	5	2,4
Tusenfryd	Elin Røyseth	16.8	19	5,81
Vieåsen	Sissel Elin Årdal	19	23	7,6
Holsen barnehage	Synneve Reiakvam	Sjå Holsen skule		
Hatlehaugen barnehage	Anita Bolstad Indrebø	11	14	2,6

## Økonomi

Eining	Budsjett 2010 (1000 kr)	Rekneskap 2010 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Slåttebakkane barnehage	333	289	-44	-13,2
Halbrend barnehage	1.081	1.186	105	10
Vie barnehage	404	594	189	45
Sunde barnehage	316	341		
Solsida barnehage	828	556	-272	-32,6
Førde familiebarnehage	678	687	9	1,5
Vieåsen barnehage	865	795	-70	-8
Tusenfryd barnehage	1.329	930	-399	-35
Hatlehaugen barnehage	2004	1320	-684	.39,1
Karstad barnehage	Sjå Karstad skule			
Holsen barnehage	Sjå Holsen skule			

I 2010 var det store vanskar med å skaffe vikarar og mange leiarar nytta si tid til å vere vikar. Dette forklarar ein del av overskotet i barnehagane dette året.

### Viktige hendingar

#### Førdebarnehagen

I 2010 hadde alle med rett til barnehageplass fått plass i juni. Dette gjorde at vi kunne avvikle dei mellombelse avdelingane i Liavegen og i Kletten grendahus.

**Ytre Hafstad barnehage** stod ferdig i august dette året, og var mykje av grunnen til at vi kunne oppfylle retten til barnehageplass så tidleg. Denne barnehagen overtok drifta av dei 2 mellombelse avdelingane i Liavegen. Holsen barnehage utvida også med ei avdeling p.g.a av mange nye born i Holsen og Haukedalen. Dette bidrog også til full dekning.

Frå august starta vi også opp ei avdeling på Bergum mottakssenter for å oppfylle retten til barnehageplass for asylsøkjjarar. Denne avdelinga vert drifta av Solsida barnehage.

## Måloppnåing

Brukarane	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p><b>1.1 Portfolio i barnehagen. ” Dette kan eg og dette er eg stolt av”</b></p> <p>Innføre Portfolio som arbeidsmetode i Førdebarnehagen innan 2011. Barna skal ha sin eigen digitale portfolio som viser kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen.</p> <p>Milepæl i 2010:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle barnehagane har definert sitt verdigrunnlag: Dette omhandlar: Syn på barn, læring, lek og omsorg.</li> <li>• Verdiane over er konkretisert og implementert hos dei tilsette slik at dei får betydning for korleis dei vaksne handlar i kvardagen</li> </ul> <p>Alle barnehagar har flytskjema med underlagsdokument for foreldresamtale</p>	<p>Barnehagen har konkretisert sine verdidokument og alle vaksne kan presentere dei i møte med foreldra.</p>	<p>Årsmeldinga og besøk i barnehagane syner at alle barnehagane har definert sitt verdigrunnlag. Dette vert også presentert i møte med foreldra.</p>
<p><b>1.2 Språkutvikling</b></p> <p>Før barnet sluttar i barnehagen for å begynne på skulen skal 95 % av barna ha nådd mål for sin alder slik det er definert i TRAS ( Tidleg Registrering Av barn si Språkutvikling)</p> <p>Systematisk observasjon og kartlegging av dei minste barna (0-2 år) si språkutvikling</p> <p>Dokumentasjon skal vere grunnlag for barnehagen sitt samarbeid med foreldra. Barnehagen saman med foreldra blir samde om mål og sett i verk tiltak når observasjon og kartlegging avdekkar barn har behov for ekstra hjelp</p> <p>Helsestasjonen skal gjennomføre språkkartlegging av alle 4-åringar ved hjelp av Språk 4. Barnehagane skal ha sett i gang tiltak med oppfølging av dei som Helsestasjonen sender over til barnehagen som bekymrings sak.</p>	<p>95% av barna født i 2004 har nådd måla</p> <p>Alle skal ha vurdert resultatata frå TRAS for 3 og 5 åringar og vurdert kva tiltak ein vil setje inn på grunnlag av resultatata.</p> <p>Alle 4-åringar som barnehagen har fått rapport om frå helsestasjonen skal det vere sett i verk tiltak for.</p>	<p>Ca 90%</p> <p>Alle barnehagane har vurdert resultatata frå TRAS og sett i gang tiltak der dette er vurdert som naudsynt. Dette vart presentert ved tilsynsbesøk våren 2010</p> <p>Barnehagane har fått få tilbakemeldingar frå Helsestasjonen og det er sett i gang tiltak der dette ikkje var gjort før.</p>
<p><b>1.3 Barn sin medverknad</b></p> <p>Alle barn skal ha høve til medverknad i samsvar med standardane som er fastsette i kommunen</p> <p>På spørsmål i brukarundersøkinga om kor nøgd er du med:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Barnet ditt si mulighet til å vere med på å bestemme innhaldet i barnehagen</li> </ul>	<p>Standardane syner igjen i barnehagane sine årsplanar. Barnehagane skal ha vurdert sin eigen status i høve standardane</p> <p>4.5</p>	<p>Årsplanane syner at dette er på plass</p> <p>4.5</p>

Brukarane	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p><b>1.4 Læring i barnehagen</b></p> <p><i>Tal, rom og form</i></p> <p>Alle barnehagar har eit miljø som stimulerer barna si matematiske utvikling, med utgangspunkt i barnet sine interesser og uttrykksformer :</p> <p><u>Språk, tekst og kommunikasjon:</u></p> <p>Alle barnehagar har eit miljø som stimulerer barna si språklege utvikling, med utgangspunkt i barnet sine interesser og uttrykksformer</p>	<p>Miljøet er tilrettelagt i samsvar med dei verdiane barnehagen trur på</p>	<p>Årsmeldinga og besøk i barnehagane syner at dette er på plass i dei fleste barnehagane.</p>
<p><b>1.5 Dokumentasjon</b></p> <p>Barna si læring og personalet sitt arbeid skal gjerast synleg og vere grunnlag for refleksjon</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagen observerer, kartlegger og nyttar varierte verktøy for å kartlegge barnet si utvikling</li> </ul> <p>Barnehagen nyttar varierte metodar for dokumentasjon av personalet sitt arbeid saman med barna</p>	<p>Dokumentasjon skal nyttast ved foreldresamtale og system for dokumentasjon skal presenterast på tilsynsbesøk</p>	<p>I dei fleste barnehagane vert det nytta praksisforføringar, foto, tekstskaping og Photostory som dokumentasjon</p>
<p><b>1.6 Digitale verktøy</b></p> <p>Barna skal få oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap innan 2010</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Pedagogane nyttar IKT som verktøy i dokumentasjonsarbeidet</li> <li>• Barn skal det siste året i barnehagen ha fått erfaring med bruk av PC og fotoapparat</li> </ul>	<p>5 åringane kan nytte fotoapparat og PC til å dokumentere hendingar i barnehagen</p>	<p>Alle barnehagane har PC og fotoapparat og dette vert nytta av borna.</p>
<p><b>1.7 Mobbing</b></p> <p>Ingen barn skal føle seg mobba i Førdebarnehagen</p>	<p>Ingen registrerte henvendingar frå foreldre om mobbing er registrert</p>	<p>Det er ikkje registret henvendingar om mobbing i barnehage</p>
<p><b>1.8 Foreldremedverknad</b></p> <p>På spørsmål i brukarundersøking på: kor nøgd er du med:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Interesse barnehagen syner for synspunkta dine?</li> <li>2. Moglegheitene til å verke inn på tilbodet i barnehagen?</li> <li>3. Samarbeidet mellom barnehagen og heimen?</li> </ol> <p>På spørsmål i brukarundersøking på: kor nøgd er du med:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Informasjon om korleis barnet ditt har det?</li> <li>2. Informasjon om det som skjer i barnehagen?</li> </ol>	<p>4.8</p> <p>4.7</p>	<p>4.8</p> <p>4.7</p>



<b>Medarbeidarar</b>	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
<p><b>2.1 Kompetanseutvikling</b>            Det skal vere ein årleg tiltaksplan for kompetanseheving i Førdebarnehagen i samsvar med sentral kompetanseplan med fokus på desse områda:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Pedagogisk leing, språk, overgang barnehage – skule og medverknad</li> <li>• Utvikle kunnskap om portfolio i barnehagen</li> <li>• Pedagogisk dokumentasjon</li> <li>• IKT</li> </ul>	Plan føreligg	Plan er ikkje laga p.g.a. manglande barnehagekompetanse på kommunenivå
<p><b>2.2 Likestilling i barnehagen</b>            Vi skal auke andel menn i barnehagen frå 8,9 % i 2004 til 12% i 2010.</p>	11.2%	11.7%
<p><b>2.3 Rammeplan for barnehage</b></p> <p>Alle tilsette i barnehagane skal ha kompetanse til å utforme eit pedagogisk stimulerande miljø i barnehagen i samsvar med rammeplan. Utgangspunkt skal vere det einsskilde barn sine interesser, kunnskap og ferdigheitar</p> <p>Milepælar i 2109:</p> <p>Pedagogane skal ha oversikt over kva kunnskap som finns innanfor området barn si læring og utvikling og dei vaksne si betydning og omsett det i praktisk handling</p>	Kunne presentere dette på tilsynsbesøk	På tilsynsbesøk i april presenterte alle barnehagane at dei har god måloppnåing på dette punktet.
<p><b>2.4 Læring på arbeidsplassen</b></p> <p>Alle tilsette skal ha kunne ha høve til fagleg og personleg utvikling i jobben.</p>	4.6	4.6

<b>Økonomi</b>	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
<p><b>3.1 Barnehageplass til alle barn</b>            Frå 01.01.2009 fekk alle som fyller 1 år innan 1. september rett til barnehageplass.            Førde kommune skal auke dekningsprosenten for barn 1-5 år 91% i 2010 for å oppfylle retten til barnehageplass.</p>	91%. At alle som var 1 år i løpet av august fekk plass	90.6% Alle som vart 3 år i løpet august fekk plass
<p><b>3.2 Personalet</b>            Andel tilsette med førskulelærerutdanning skal auke frå 30,8% i 2004 til 34% i 2010</p>	34%	28.7
<p><b>3.3 Læringsmiljø</b>            Leike og opphaldsareal pr. barn skal auke frå 4,14 i 2004 til 5 i 2014</p> <p>På spørsmål i brukarundersøkinga på Kor nøgd er du med:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Leikeforholda ute?</li> <li>2. Standard på bygga?</li> <li>3. Innemiljøet i barnehagen</li> </ol>	4.7   4.4	5.9   4.4

Samfunn	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p><b>4.1 Overgang barnehage - skule.</b> Barnehagen skal bidra til gode samarbeidsrelasjonar med skulen og sikre at relevant informasjon om einskildbarn og generell kunnskap om det barna har lært i barnehagen vert overført til skulen.</p> <p>Milepæl 2010:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunal plan for overgang frå barnehage til skule fungerer i praksis.</li> </ul>	<p>Det er gjennomført samhandlingsmøte og at det føreligg referat frå desse Alle barnehagane har overført informasjon i samsvar med planen.</p>	<p>Alle skular og barnehagar har delteke på slike møte og det er sendt referat til kommunalsjefen. Informasjonen tilseier at informasjonen vert overført til skulane i samsvar med planen</p>

Interne prosessar	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
<p>Barnehagen nyttar observasjon, dokumentasjon og intervju med barn og foreldre som grunnlag for vurdering, refleksjon og vidare planlegging</p> <p>Den pedagogiske leiinga nyttar ulike verktøy for planlegging, dokumentasjon og vurdering</p>	<p>Det føreligg oversikt over kva metodar barnehagen nyttar</p>	<p>Årsmelding og Årsplan gjev oversikt over dei metodane barnehagane nyttar Alle barnehagar nyttar verktøy</p>

### Mål som vart nådd

- I juni fekk den siste med rett til barnehageplass eit tilbod i ein av dei nye barnehagane. Vi hadde med det nådd målet om full barnehagedekning. No har 90.6% av alle barn mellom 1 og 5 år barnehageplass i Førde. I gruppa 3-5 år har 99.1% barnehageplass og med det har stort sett alle eit likt utgangspunkt når dei kjem på skulen.
- Systemet for overgang barnehage er i funksjon og fungerer svært bra. Skulane tek i mot og nyttar TRAS etter intensjonane. Vi har fått til gode overgangar og at samarbeidet føregår på likeverdig grunnlag.
- Utbygginga av Ytre Hafstad barnehage vart fullført med godt resultat.
- Alle barnehagane har verdidokument på plass som er i aktiv bruk.
- Leikearealet auka i tråd med målsetjinga.
- Ikkje registrert mobbing i barnehagane
- Alle barnehagane nyttar digitale verktøy i arbeidet med barna og som dokumentasjon for verksemda
- Foreldra er meir nøgde med korleis dei fysiske tilhøva er i barnehagen
- Foreldra er godt nøgd både med korleis barna får medverke, og også korleis dei sjølv får medverke.
- Foreldra er bra nøgde med informasjonen frå barnehagane
- Overgangen barnehage- skule fungerer godt i tråd med den kommunale planen.
- Dei tilsette er meir nøgd med høve dei har til fagleg og personleg utvikling i jobben
- Det vart gjennomført tilsyn i alle barnehagane i 2010 utan at det vart avdekket avvik. Dette syner at både dei kommunale og private barnehagane held ein høg fagleg standard

### **Mål som er delvis eller ikkje nådd**

- Det har vore ein liten auke i andelen menn i barnehagane i Førde, og vi er nærare målet om 15% menn i barnehage. Vi har også ein mykje større del menn enn fylket og landet.
- Andelen tilsette i barnehagane i Førde med førskulelærer utdanning har gått endå meir ned og vi er langt unna målet om 50%. Vi ligg også langt under fylket og landet. Det positive er at alle dei 20 førskulelærarane som går på den desentraliserte førskuleutdanninga held fram med studiet.
- Vi nådde ikkje målet som var sett i høve resultatet av arbeidet med språkutviklinga i barnehagane.
- Det vart gjennomført felles planleggingsdag i oktober, men andre felles tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagane vart ikkje gjennomført i 2010. Grunnen er manglande kapasitet og kompetanse på kommunenivået.

### **Utfordringar framover**

- Utfordringa komande åra er å få på plass permanente lokale til erstatning for dei mellombelse løysingane vi enno har.
- Barnetalet i Førde aukar og dei store fødselskulla held fram. Førde sin andel av born i alderen 1 år er mykje høgare enn både landet og samanlikkbare kommunar. Dette saman med utfordringane i førre punkt gjer at vi må få på plass fleire barnehagar framover.
- Dårleg førskulelærardekning gjev oss store utfordringar i høve utviklinga av kvaliteten i barnehagane framover. Den desentraliserte førskulelærerutdanninga som er sett i gang i Førde vil hjelpe på denne situasjonen på sikt. Utfordringa er å finne økonomisk dekning for dei store vikarkostnadane vi har for å gje assistentane fri med lønn til å gå på denne utdanninga.
- Driftsmidlane har ikkje halde tritt med den store auken i barnehageplassar, og dette fører til stor mangel på utstyr/fornyng av utstyr i barnehagane. Dette vil på sikt gå utover tilbodet til borna.
- Mange av barnehagane treng opprusting både ute og inne, og dette er ei stor utfordring å få på plass i åra som kjem
- Frå 01.01.2011 vart dei øyremerka midlane lagt inn i rammeoverføringane til kommunane. Det vart overført midlar til nokolunde å halde fram med eksisterande drift. Utfordringa er at kommunen må ta heile kostnaden med nye plassar, og det er ei stor utfordring når kvar plass kostar ca 150.000 kr.
- Det ser ut til at talet på born med ekstra hjelpebehov aukar, og utfordringa vert då å ha nok midlar til å ta imot desse borna på ein forsvarleg måte. Her er vi på grensa av det forsvarlege no.
- Vi må styrke arbeidet med språkutviklinga til borna i barnehagen. Dette vert ekstra viktig ettersom vi dei siste åra har hatt synkende resultat på Nasjonale prøver i lesing på barnesteget.

## Kostratal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Andel innb. 1-5 år	7.8	7.8	6.2	6.2	6.1	6.0	6.2	6.2
Netto driftsutg. for barnehg. i % av tot. drift	2.6	3.5	2.9	3.0	2.4	2,4	2.2	2,0
Netto drifts. utg. pr. innb. 1-5 år	11.250	15.807	17.383	18.333	17.008	17.463	12.934	13.040
% barn 1-5 år i b.hg	91.3	90,6	88.5	89,2	91.8	91,6	89.6	90,9
% barn 3-5 år i b.hg	99.6	99,1	96.2	96,4	98.5	98,4	97.5	97,3
% barn 1-2 år i b.hg	79.9	78,8	77.1	78,8	81.4	81,0	77	81,2
Brutto driftsutg. Pr. kommunal bruker	115294	140522	133266	145169	120660	132189	130219	139105
Utgifter til kom. Bhg pr. opph. time	39	47	45	49	43	46	45	47
Andel menn i barnehage	10.8	11.7	8.1	8.5	5.7	6.2	5.4	7.1
Andel tilsette med førskulelærarbakgrunn	29.3	28.6	32.4	32.1	33.5	35.3	33.6	31.8
Tal barn pr. årsverk korrigert for alder	6.3	5.9	6.3	6.3	6.7	6.3	6.6	6.5
Leike og opphaldsareal	5.5	5.9	5.5	5.6	5.7	6-0	5.7	5.7

## Andre tenester innanfor oppvekstsektoren

### Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Førde Norsksenter	Ole Magnar Stein	14.33	16	5.7 %
PPT	Asbjørn Knapstad	13.85	17	6.6 %

### Økonomi

Eining	Budsjett 2010 (1000 kr)	Rekneskap 2010 (1000kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Førde Norsksenter	6.551	6.563	12	0.2 %
PPT	5.071	5.047	-25	-0.5 %
<b>Samla</b>	<b>11.622</b>	<b>11.610</b>	<b>-12</b>	<b>-0.1 %</b>

### Viktige hendingar

Norsksenteret:

Det vart etablert flyktningmottak på Vassenden og Norsksenteret har inngått samarbeidsavtale med Jølster om å yte tenester til dei i høve norskopplæringa. Dette har Norsksenteret fått til på ein god måte.

Det melding om at avdelinga for einslege asylsøkjjarar på Bergum skal leggst ned frå sommaren 2011

### Måloppnåing

Brukarane	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Alle vaksne flyktningar som får busetting i kommunen skal ha tilbod om introduksjonsprogram med individuell plan seinast 3 mnd etter busetting	100%	90%
Alle elevar med opphaldsløyve skal ha ein individuell opplæringsplan	100%	80%
Alle deltakarane i introduksjonsprogrammet skal ha "15 timar grunnkurs i trafikkopplæring"	100%	90%
Nynorsk er hovudmålforma i Førde kommune og våre elevar skal få opplæring i nynorsk	Alle våre elevar skal få opplæring i nynorsk	Det er gjennomført opplæring i nynorsk på alle nivå
Tilbod til arbeidsinnvandrarar  Framandspråklege elevar som er i arbeid skal få eit tilbod på kveldstid	Det skal gjevast eit tilbod til arbeidsinnvandrarar og framandspråklege som er i arbeid på dagtid	Opplæring på 4 t/v på 3 ulike nivå Dei som melder seg får tilbod saman med arbeidsinnvandrarane.
Opplæringa på grunnskulen sitt område for einslege mindreårige skal fysisk organiserast av eit aldersadekvat miljø.	Alle dei einslege mindreårige elevane ved Bergum Mottakssenter skal få opplæring på grunnskulen sitt område	Gjekk bra medan det var ei bra homogen gruppe tidleg på året. Etter at mottaket fekk melding om nedlegging vart gruppa meir samansett og målet ikkje nådd. Måtte då ha meir fokus på begynnaropplæring/norskdelen..
Ventetid på tilmeldte saker skal reduserast	Ventetida skal ikkje vere over 8 mnd i førskule- Maks 12 mnd ventetid i grunnskulen. 1.og 2.klasse skal prioriterast.	Ventetida var frå 0-12 mnd avhengig av prioriteringa. Alle fekk førtilvisingsmøte for å få i gang tiltak i ventetida
Vi skal arbeide etter	Vi skal hjelpe barnehagane med	Gjennomført. No tek også Førde

<b>Brukarane</b>	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
lågterskelprinsippet . Vi skal yte teneste til barn som strevar med særskilde behov, og fremje kunnskap om barn med særskilde behov i barnehage	å kartleggje funksjonsnivå til barn dei er bekymra for Vi skal rettleie dei tilsette i barnehagen med fokus på meistringsnivå til barn og tilsette. Delta i rettleiingsgrupper avdelingsvis i dei barnehagane som har barn med særskilde behov	kompetanseteam Reynell-testing  Gjennomført. 125 barn med rettleia tiltak. Av desse 37 tilmeldt PPT  Gjennomført.
PPT skal prioritere arbeidet rundt elevar med særskilde behov i alle overgangar.	Vi skal sette fokus på å rettleie og vidareformidle korleis gode språk – og utviklingstiltak gjennomført i barnehagen kan overførast rundt barn som startar i 1.klasse.  Det skal gjennomførast møte med alle grunnskulane innan desember der vi gjer avtale for overgong grunnskule-vidaregåande skule	Delvis. Knytt til einskildbarn  Gjennomført
PPT skal vere ein aktiv pådrivar i samarbeid med andre etatar for at Førde kommune skal buggje opp effektive tiltak som fremjer sosiale ferdigheiter hjå barn. Tiltaka skal vere med på å førebyggje, redusere og stoppe problemåtferd på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg ved å styrkje kompetansen hjå foreldre og barn.	Vi skal rettleie og følgje opp dei som er utdanna foreldrerådgjevarar  Vi skal følgje opp dei som er utdanna ferdigheitstrenarar  Vi skal rettleie og følgje opp dei som er utdanna innanfor konsultasjonsmodellen  Vi skal tilby PMTO behandling til føresette til barn som står i fåre for å urvikle/har utvikla atferdsvanskar	Faste møte gjennomført og 8 foreldrepar fått rådgjeving  Faste møte gjennomført. 12 barn har fått oppfølging  Faste møte gjennomført. 4 skular og barnehagar har fått oppfølging og konsultasjon.  Gjennomført. 7 foreldrepar har fått PMTO-terapi på PPT og 3 på Helsestasjon
Auke kunnskap om lesedugleik og reknedugleik og kva tilrettelegging som er viktig for å fremje lesedugleik/reknedugleik hos elevar som strevar.	Vi skal gje opplæring i bruk av kartlegging i lesedugleik for 2.klasse i alle kommunane innan juni.  Vi skal gje opplæring i bruk av kartlegging i reknedugleik for 2.klasse i alle kommunane innan juni.	Gjennomført og rapport send til kommunane.  Ikkje gjennomført p.g.a kompetanse og kapasitetsproblem

<b>Medarbeidarar</b>	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
Det skal utarbeidast plan for kompetanseheving og settast av tid i medarbeidarane sine arbeidsplanar	Det ligg føre plan	Planen er enno ikkje ferdig. Det er sett i gang planar for vidareutdanningsprogram for lærarar i samarbeid med HIS og Fylkesmann
Alle medarbeidarane skal få tilbod om medarbeidarsamtale minst ein gong pr. år	Alle medarbeidarane møter til medarbeidarsamtale	Målet nådd



<b>Medarbeidarar</b>	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
Få til eit betre samarbeid mellom personalet/personalgruppene Få til fleire sosiale tiltak for personalet Alle gjer sitt for at vi skal ha det pent og ryddig rundt oss Få til fleire samarbeidsarenaer for undervisningsgruppene Handlingsplanen skal vere tema på personalmøte ein gong pr. mnd	Framgang på medarbeidarundersøkinga frå 2008	Ingen framgang på medarbeidarkartlegginga. Samla resultat var 4.5
Fornøgde tilsette På PPT	Følgje opp medarbeidarkartlegginga med eigen plan	Høg trivsel, godt samarbeid og gode utviklings- og arbeidsvilkår. Alle tilsette rapporterer likevel om for lita tid til å utføre arbeidet. Samla resultat på medarbeidarundersøkinga.: Læring på arbeidsplassen: 5.1 Fornøgd med arbeidsplassen: 5.0
Kompetanseheving PPT	Vedlikehalde teamsamarbeid rundt elevar, skular og kommunar. Ha fokus på at alle skal ha medansvar for det området dei arbeider på  Gje tilsette auka kompetanse i å bidra til at PPT får ei betre felles overbyggande forståing for korleis vi skal arbeide utadretta.  Ake kompetansen på verktøy og metodikk knytt til adferdsrelaterte vanskar	Vert gjort- felles informasjon og strategiar gjennomført for å yte lik teneste. Likevel slik at: Saksmengda tvingar fram meir enkeltoppdrag og saman med deltidsstillingar og sjukefråvær har det avgrensa team-konsultasjonar innad og utad. Deltok på 2 dagars opplæring i regi av Fylkesmann .  Deltok i opplæring, konsultasjon og nettverk innan PMTO og PALS. Tilknyta ekstern kompetanse ved innleige av psykolog og spes.ped med spisskompetanse.
Auke kunnskap hos dei tilsette i barnehagane om barn si språkutvikling	I samarbeid med tilsette i barnehagen skal PPT gje kunnskap om førskulebarn si språkutvikling gjennom bruk av verktøyet TRAS.	Ikkje kapasitet til nye kurs i 2010. Rettleia barnehagane i bruk av TRAS-skjema.

<b>Økonomi</b>	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
Auke grunnbemanning for til ei kvar tid gje kontinuitet i tenesta og korte ned på ventetid	Auke oppstillingane slik at talet barn bak kvar fagstilling vert redusert med 100. Auke opp Fylkeskommunen sitt tilbod til 3 stillingar	Naustdal auka opp med 0.3st Elles ingen auke.

<b>Samfunn</b>	<b>Ønska resultat i 2010</b>	<b>Oppnådd resultat i 2010</b>
Gjennom samarbeidsmøte på ulike nivå skal vi vurdere samarbeid og avklare forventningar mellom PPT, kommuneadministrasjonen og skule.	Vi skal ha eit møte med skule-og barnehageadministrasjonen i kvar kommune innan 30.juni, der vi evaluerar og planlegge samarbeidet mellom kommunane og PPT.	Gjennomført i løpet av året

### **Mål som vart nådd**

- Gjev eit godt tilbod til alle flyktingar innan akseptabel tid etter at dei er busette.
- Nynorsk er etablert som opplæringsmål på alle nivå
- Dei fleste deltakarane i introduksjonsprogrammet får grunnkurs i trafikkopplæring.
- Elevane ved Førde Norsksenter har gode resultat på faglege testar
- Gjennomført ei god opplæring i samband med kartleggingsprøvene i lesing for 2. klasse
- PPT har fått til å prioritere tiltak ved overgangane i systemet slik målet var.
- Førde kompetanseteam har nådd måla om rettleiing/tiltak ute i barnehagane. Det er også blitt det lågterskeltilbodet det var meint å bli.
- Opplegget med PMTO har fungert som eit godt lågterskeltilbod både for foreldre og for tilsette i barnehagane

### **Mål som er delvis eller ikkje nådd**

- Har ikkje fått i gang opplæring i høve kartleggingsprøvene i rekning for 2. klasse
- Gjennomført ei god opplæring i TRAS for tilsette i barnehagane
- Har ikkje fått ned ventelistene på PPT slik målet var. Dette er ein konsekvens av at målet om reduksjon i tal barn pr tilsett ikkje er nådd
- Har ikkje fått gjennomført målsetjinga om at Kompetanseteamet skulle hospitere ute i 1.klasse.
- Norsksenteret har ikkje fått på plass plan for kompetanseutvikling slik som målet var.

### **Utfordringar framover**

- Få rekruttert nye medarbeidarar med høg fagleg kompetanse på PPT for å erstatte dei som sluttar
- Få auka opp ressursane knytt til det spesialpedagogiske området for å få ned ventetidene og for å vere ei god støtte i arbeidet skulane og barnehagane gjer med denne gruppa
- Største utfordringa for Norsksenteret framover er usikkerheit i elevtal

## Helse og barn

### Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka frávær i %
Helse og Barn	Magni Håvardstun	45,22	72	6,77 %

- Eininga er delt opp i 5 fagavdelingar som består av legesenteret, fysio-ergoterapi, barnevern, helsestasjon og bu- og avlastningstenesta, i tillegg er det ansatt ein konsulent for funksjonshemma
- Eininga har systematisk oppfølging av sjukefrávær i samsvar med IA

### Økonomi

Eining	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Avvik i kr	Avvik i %
Helse og Barn	35 055 520	41 110 537	-6 055 017	-17,27%

### Årsak til det økonomiske avviket

- Auke i lønsutgifter ved vikarinneleige grunna korttidsfrávær.
- Auke i annonseringskostnad.
- Auke i innkjøp av medisinsk forbruksmateriell og utstyr.
- I barnevernet er det auke i kjøp av konsulenthjelp; jurist, psykolog og barnevernfagleg bistand.
- Fleire store og kompliserte saker i barnevernet har ført til fleire tvangs- og plasseringssaker.
- På helsestasjonen har det vore auke i utgifter knytt til deltaking i Effektiviseringsnettverk, og innleige av jordmorvikarar sommaren 2010
- Innafor private og kommunale avlastningstiltak har det vore nye omfattande behov som har krevd særskilte tiltak og kjøp av tenester.
- Stort trykk på avlastningsbustad, spesielt i feriar, i helg og på natt

### Viktige hendingar

- Auke i bemanning på barnevernet.
- Hausten 2010 vart psykologstillinga ubemanna, har ikkje lukkast å få nokon inn i stillinga iløpet av 2010
- Helsestasjonen vert med i effektiviseringsnettverk i regi av KS.
- Vedtak på at Helse og Barn skal delast opp i 2 einingar i frå 01.01.2011.
- Barnevernet har teke i bruk fagprogrammet Familia.
- Modellkommuneforsøket har fått ein ny start med forankring på rådmannsnivå. Prosjektet er eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt som vurderer og skal utvikle betre samarbeid mellom ulike kommunale tenester, Helse Førde og Bufetat. Prosjektet har fokus på tidleg identifisering og meir målretta og tverrfagleg oppfølging av barn av rusmisbrukande og psykisk sjuke foreldre.
- SIS kommunane har starta utgreiing for mogleg samarbeid innafor barnevernet.

### Mål som vart nådd

- Nettsida er i hovudsak oppdatert, Helsestasjonen fekk gode tilbakemeldingar på dette i brukarundersøkinga.
- Helsestasjonen har hatt brukarundersøking i 2010, avdelinga kom ut med eit godt resultat.
- Det vert arbeida med fallforebyggande arbeid til eldre.

- Auke i 2 legetimar på Helsestasjonen.
- Barnevernet er med i modellkommuneforsøket som er førebyggjande barnevernsarbeid.
- Barn med ekstra behov har fått fritidstilbod etter søknad, men det er vanskeleg å rekruttere oppdragstakarar.

### Mål som er delvis eller ikkje nådd

- Sjukefråværet har gått ned i frå 9,41% til 6,77%, medan målsettinga var 6%.
- Med mange nasjonale strategiar og lovkrav har Barnevernet og helsestasjonen i 2010 hatt store utfordringar med å stette desse krava. Barnevernet har hatt fristbrot, og Helsestasjonen har måtta gjort prioriteringar innafør den nasjonale strategiplanen.
- Det er ikkje oppretta nettbasert sakshandsaming – urealistisk på noverande tidspunkt grunna begrensingar knytt til programvare og datasikkerheit.
- Eininga har tidlegare scora lågt på tverrfagleg samarbeid på brukarundersøkinga i barnevernet. I brukarundersøkinga på Helsestasjonen var det også dette området som kom dårlegast ut. Eininga har eit utviklingspotensiale på å koordinere og samhandle på tvers av fagsavdelingane.

### Utfordringar framover

- Å få betre kontroll på tiltaksdelen i barnevern vil halde fram med å vere ei utfordring.
- Auke i behov for avlastning til barn og unge.
- Få eit meir fokus på førebyggjande helsearbeid mot barn og unge. Utfordringa her er å klare å vri økonomiske prioriteringar over på tidleg intervensjon og førebyggjande helsearbeid, og då på sikt få ned økonomien på behandling og tyngre tiltak.
- Få til gode samarbeidsrutinar mellom ulike fagavdelingar i kommunen, der brukarane er i fokus.
- Stette nasjonale retningslinjer innafør helsetenester.
- Kordan ein skal organisere legesenteret.

### Kostratal

Fysio-ergoterapi	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Årsverk av kommunale fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 232, 233, 241 og 253.	3	3	3,8	3,1	4,8	4,4	2,5	2,6
Årsverk av private fysioterapeuter per avtalehimmel.	0,64	0,6	0,54	0,74	0,44	0,68	0,76	0,74

Helsestasjonen	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Andel nyfødte med heimebesøk innan to veker etter heimkomst.	54	74	75	77	66	70	83	86
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	98	107	99	101	101	102	97	101
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	101	102	89	95	97	99	87	86
Årsverk i alt pr. 10 000 innbyggjarar 0-5 år. Funksjon 232	86	81,7	94,6	104	114,1	113,5	99,4	96,1

Helsestasjonen	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggjarar 0-5 år. Funksjon 232	7,8	7,3	5,7	5,5	10,2	9,4	6	5,7
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggjarar 0-5 år. Funksjon 232	53,9	55,3	55,7	65,1	67,4	71,9	61,1	60,1
Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte. Funksjon 232	49,8	511	46,9	48,3	111,9	99,3	54,4	51
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelset. pr. innb 0-20 år, konsern	1294	1 680	1463	1 544..	1511	1 641	1340	1 543

:

Barnevern	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Stillingar med fagutdanning per 1000 barn 0-17 år	1,5	2,1	3,8	2,9	2,4	2,6	2,6	2,3
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta	3236	3 682	5525	5 973	4435	4 861	5572	5 481
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (f. 244), prosent	39,1	36,3	34,3	34	33,5	34,2	31,3	32,4
Andel netto drutg. til barn som bor i sin opprinnelege familie (funksjon 251), prosent	27,8	14,3	16,4	16,1	18,3	15,1	14,4	15,8
Andel nto drutg til barn som bor utenfor sin oppr. familie (funksjon 252), pst	33,1	49,4	49,4	49,9	48,2	50,6	54,4	51,8

Kommentar til kostra tal:

Barnevernstenesta ligg godt under i nettodriftsutgifter i forhold til landsgjennomsnittet medan forebygging helsestasjon og skulehelseteneste ligg like over.

# NAV

## Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuke-fråvær i %
NAV	Magne Kjetil Berg	11,5	14	2,6 %

Eininga har systematisk oppfølging av sjukefråværet i samsvar med IA.

## Økonomi

Eining	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Avvik i kr	Avvik i %
NAV	16 777 024	15 054 588	1 722 436	10,26%

Underforbruk på tenestområdet økonomisk sosialhjelp. For tida er det låg arbeidsløyse, og lågt rentenivå, dette er medverkande til resultatet.

## Viktige hendingar

- NAV Førde vart nominert som fylket sitt bidrag til Kvalifiseringsprogram-prisen i 2010. Kontoret nådde ikkje opp i den siste finalen, men tyder på at det vert gjort mykje godt fagleg oppfølgingarbeid på kontoret.

## Mål som vart nådd

- 18 personar hadde ved utgangen av 2010 nytta kvalifiseringsprogram som aktivt verkemiddel for å hjelpe desse til arbeid, aktivitet eller avklaring for varig trygdeytning.
- 4 færre på økonomisk sosialhjelp i 2010.
- Alle som driv med oppfølgjingsarbeid har fått kompetansehevingstilbod innafor rettleiing/oppfølgjingsarbeid jamfør tiltak i årsplanen.
- Overgangen til den nye ytinga arbeidsavklaringspengar er gjennomført, utan at det skal ha ført til ulempe for brukarane.

## Utfordringar framover

- Stabilitet i bemanning: Eininga hadde særleg i 2009 stor utskiftning, og stabilitet er ein nøkkelfaktor for vidare utvikling.
- Kompetanse/kompetansebygging: Både breddekompetanse og spisskompetanse er det behov for å vidareutvikle. Særleg gjeld dette god og tilstrekkeleg spisskompetanse på god oppfølgjingsarbeid generelt og brukarar med rus og psykiatriproblem spesielt
- Bemanningsressursar i høve forventna oppgåveløysing: mot slutten av 2010 vart både driftsøkonomi og tiltaksøkonomien til den statlege parten utfordra pga. overforbruk på tildelt budsjett. Forventningane til resultat er høg på trass av lågare rammer for å drive det. Evt. ytterlegare reduksjonar kan bety at ambisjonane må justerast.
- Utvikling av marknadsarbeidet/auke tilgang til stillingar: Eininga må få til at næringslivet i Førde brukar NAV meir i samband med rekruttering av arbeidskraft. Det vil bety både å vidareutvikle moglegheitene NAV kan tilby for brukarane, eit meir effektivt oppfølgingarbeid, og ikkje minst viktig for å demme opp for at fleire blir langtidsledige.

NAV	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, konsern	1102	1 276	1667	1 748	932	1 037	1273	1 351
1) Sosialhjelpsmottakere	310	308	305	300	81	80	236	298
Årsverk i sosialtjenesten	8,5	9,85	13,5	14,03	2,8	3,14	10,2	9,93
Årsverk i sosialtjenesten pr. 1000 innbygger	0,7	0,8	1,2	1,2	0,7	0,7	1,0	0,8

## Pleie og omsorg – miljøarbeidartenester og dagtilbod

### Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Psykiatritenesta	Børge Tvedt	21,24	31	10,25%
Bu- og miljøtenesta	Harald Bjarte Reite	38	53	8,7%
Kronborg ressurshage	Halvard Brekke	15,1	17	4,25%

Alle einingane har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med rutinane i IA. (inkluderande arbeidsliv).

### Økonomi

Eining	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Avvik i kr	Avvik i %
Psykiatritenesta	6 665 233	6 390 750	274 483	4,11%
Bu- og miljøtenesta	17 959 072	17 907 686	51 386	0,29%
Kronborg ressurshage	9 804 210	9 521 675	282 535	2,88

Einingane har i 2010 hatt underforbruk. I hovudsak skuldast dette refusjon frå NAV i samband med foreldrepermisjon og sjukepengar, samt underforbruk på støttekontakt på Kronborg ressurshage.

### Viktige hendingar

- Børge Tvedt er vorten fast ansatt som leiar i psykiatritenesta.

### Mål som vart nådd

#### Brukarar

- Bu og miljøtenesta har gjennomført brukarundersøking med bra resultat, der resultatet er over landsgjennomsnittet.
- Alle som ynskjer det får individuell plan.
- Systematisk iplos registrering i einingane.
- Bu-og miljøtenesta har utarbeida rapport for kordan Førde kommune skal møte utfordringa eldre utviklingshemma.
- Kronborg ressurshage har nådd målet å ha 15% av brukarane på eksterne arbeidsplasser.

### Medarbeidarar

- Høgskulen gir psykiatritenesta rettleiingstilbod.
- Kronborg ressurshage og Bu- og miljøtenesta har lågare sjukefråvær enn målsettinga.
- Bu og miljøtenesta oppnådde sine mål i medarbeiderundersøkinga som går på nøgde tilsette.
- Bu- og miljøtenesta oppnådde målet med auke score til 4,0 i ”alle tilsette skal utfordrast i høve til fagleg og personleg utvikling i arbeidet”. Resultat 4,1, auke ifrå 3,1 i 2008.
- Einingane har hatt oppnådd stor grad av kompetanseheving blant dei ansatte.

### Økonomi

- Bu- og miljøtenesta har redusert overtidsforbruket med kr 200 000,-
- God økonomistyring i alle einingane.

### **Interne prosessar**

- Psykiatritenesta og Bu- og miljøtenesta har gjennomført SWOT analyse i 2010.
- Kronborg ressurshage har kvalitetssystemet oppdatert og på plass på Innsida.
- Det har vore fleire positive medieoppslag innafør desse einingane i 2010

### **Mål som er delvis eller ikkje nådd**

#### **Brukarar**

- Planlagde brukarundersøkingar i Psykiatritenesta og Kronborg ressurshage utsett til 2011

#### **Medarbeidarar**

- Alle tillitsvalte har ikkje fått opplæring i turnusprogrammet Shift manager
- Psykiatritenesta har eit sjukefråvær på 10,25%, der målet er å kome under 7%.

### **Utfordringar framover**

- Førde kommune er vertskommune for vesentlege delar av spesialisthelsetenesta sitt behandlingstilbod innanfor psykisk helsevern. Dette medfører press på tenestene og tilflytting av brukarar frå heile fylket. Dette vert berre i nokon grad kompensert ved refusjon.
- Ei vid søkergruppe (alder, funksjonsnivå, interesser osv.) krev ei breidde i tilboda på aktivitet/opplæring og fritidstilbod. For å lukkast i å nå den einskilde sine mål er det nødvendig med individuelt tilpassa tilbod.
- Auka utskrivning, mindre institusjonsbehandling og mindre grad av reinlegging for stabilisering og vedlikehald av behandling i spesialisthelsetenesta, medfører auka press på kommunal psykiatriteneste. Spesialisthelsetenesta har kutta tal behandlingsplassar i psykiatrien i vår region vesentleg dei siste åra
- Dei ulike personalbasane har dårlege fysiske arbeidsmiljø, og det må setjast i verk tiltak for å betre dette for å kunne tilby gode nok arbeidstilhøve.
- Førde kommune er vertskommune for mange videregående skular. Dette gjer at nokre unge vel å busette seg i Førde etter endt skulegang. Erfaring tilseier 1-2 personar kvart år.
- Det vert større utfordringar innanfor alderspsykiatri. Dette området har einingane ikkje tilstrekkeleg kompetanse på. Det er naudsynt at Førde kommune tek stilling til korleis ein skal handtere denne utfordringa, og kva eining som skal opparbeide seg kompetanse på dette området.
- Brukarane/pasientane har meir spesielle og kompliserte behov
- Det er framleis viktig å legge til rette for kompetanseheving slik at personalet vert rusta til å møte større og nye utfordringar frå tenestemottakarar innanfor psykiatri, rus, blandingsdiagnosar m.m.
- Å planlegge og skaffe/investere i fleire avlastingsbustader, omsorgsbustader, treningsbustader og bustader for sosialt vanskelegstilte.
- Halde fram arbeidet med tiltak for å halde nede bruken av overtid.
- Styrkje samarbeidet og samordne planar, tiltak og ressursbruk innafør alle tenesteområde
- Styrkje rekrutteringa til helgestillingar i alle tenestene.
- Gi eit godt tilbod til eldre personar med utviklingshemming.
- Rekruttering av støttekontakter.
- Samhandlingsreforma



## Pleie og omsorg – Førde Helsetun og Heimetenesta



Utviklingssenter for  
sjukeheimar og heimetenester  
Sogn og Fjordane

### Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Heimetenesta	Aud Viken	61,04	105	7,44%
Kjøkkentenesta	Aud Karin Gyving	11	18	5,38%
Skjerma eining	Gunvor Solheim Hjelkrem	15,4	26	11,42%
Eining 2	Unni Bruland Aasen	23,3	42	12,04%
Eining 3	Gunn Beathe Bruland	28	51	15,9%

- Einingane har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med rutinane i IA (inkluderande arbeidsliv)

### Økonomi

Eining	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Avvik i kr	Avvik i %
Heimetenesta	38 130 490	37 440 984	689 506	1,8%
Kjøkkentenesta	6 037 416	5 893 173	144 243	2,4%
Skjerma eining	7 900 461	7 484 851	415 610	5,3%
Eining 2	11 835 517	11 419 944	415 573	3,5%
Eining 3	14 550 185	14 341 892	208 293	1,4%

- Underforbruket i Heimetenesta skuldast i hovudsak meir refusjon i frå NAV enn det som er brukt til vikarinneleige, samt mindre forbruk i brukarstyrt assistanse.
- Einingane på Helsetunet har alle eit underforbruk. Einingane har eit meirforbruk på innleige på ekstravakter for å dekke bemanning til overbelegget. Grunnen til underforbruket totalt er høgare brukarinnbetaling i løpet av 2010.

### Viktige hendingar

- Pleie og omsorg tenestene i Førde kommune fekk status som Utviklingssenter for undervisningssjukeheimar og heimetenester Sogn og Fjordane (USHT).
- USHT starta opp rehabiliteringsprosjekt med prosjektmidlar.
- Unni Bruland Aasen har vore einingsleiar for Eining2 og Eining 3 sidan april 2010 til 31.12.2010, dette grunna sjukefråvær.
- Heimetenesta fekk tilført ein ressurskrevjande brukar som har tilført budsjettet med 1,6 millionar kroner i frå reservepott.
- Fleire ansatte er starta på Demensomsorgens abc, som er eit kompetansehevingskurs over 2 år som kompetansesenteret for Aldring og Helse arrangerer.
- Astrid Wittersø har systematisert all kunsten på Helsetunet.

### Mål som vart nådd

- Kvalitetssikringssystemet er oppdatert og lagt ut på Innsida.
- Det har vore stort fokus på aktivitetar for pasientar på Helsetunet. Det er mange arrangement på huset som er for alle i Førde kommune. I tillegg er det aktivitetar i avdelingane og for kvart enkelt individ.
- Heimetenesta har i 2010 eit sjukefråvær under 10%, 7,44 %.

- Heimetenesta har i 2010 hatt fokus på kompetanseheving. Det har vore fleire på etterutdanning og vidareutdanning. Tenesta har og systematisk internundervisning for dei ansatte.
- Det er fleire som starta vidareutdanning på Helsetunet.

### **Mål som er delvis eller ikkje nådd**

- I Heimetenesta har dei med stort hjelpebehov primærkontakter.
- Einingane har ikkje tilfredstillande system i høve tenestestandardar, men arbeidet er påbyrja.
- Einingane på Helsetunet har eit sjukefråvær over 10% med unnatak av Kjøkkentenesta som er på 4,25.

### **Utfordringar framover**

- Rekruttering av gode og kompetente medarbeidarar.
- Rekruttering på helg.
- Auke i talet på demente gjev kommunen ein del utfordringar framover:
  - Fleire pårørande treng avlastning.
  - Utfordrande for Heimetenesta å hjelpe dei demente i heimen.
  - Treng anna kompetanse og bemanning.
  - Det er ikkje noko spesielt tilrettelagt dagtilbod for dei demente i Førde kommune
- Følgje opp nasjonale mål om prioriteringar når det gjeld kvalitetsutvikling.
- Talet på eldre aukar.
- Redusere talet på personale som går til kvar einskild brukar.
- Auke i talet på tenestemottakar som bur heime, og som har komplekse lidingar. Dette gir store fagleg og ressursmessige utfordringar for Heimetenesta. Vidare vert pasientar tidlegare skrevne ut frå spesialisthelsetenesta.
- Framleis stort press/etterspurnad etter langtids- og korttidsplass ved sjukeheimen, likeeins i høve heimetenester. Har vore overbelegg på Helsetunet i heile 2010.
- Behov for utskifting av slitt utstyr på Helsetunet.
- Etablering av tenestestandardar i heimetenesta for å betre informasjon til tenestemottakarane, samt gi betre informasjon om kva som er mogleg å søkje om av tenester
- Samhandlingsreforma

### **Aktive prosjekt i Utviklingscenter for Undervisningsjukeheim og heimetenester (USHT)**

- **Kultur og eldre prosjektet:** Aktivitet på Helsetunet som er for pasientar, tilsette, pårørande og dei som bur i Førde kommune.
  - Tilsettekoret, 15 -20 medlemmar
  - Seniorkoret, 71 medlemmar
  - Distriktsmusikkarane har hatt 7 konsertar på huset, i tillegg har dei hatt individuelle konsertar for pasientane på Helsetunet.
  - Det har vore tilstelningar av ulike arrangement på Helsetunet som til dømes: Seniordans, syng-med-oss, arrangement i regi av bygdekvinnelag og basarar.
  - I 2010 vart det gjennomført 15 avdelingskonsertar fordelt på dei tre ulike avdelingane, konsertane var basert på ynskjer frå bebuarane.
  - Det var også arrangement med frivillige og kunstnarar.

- **Demensprosjektet:** Målet er å sikre kvalitet og kontinuitet i omsorg for personar med demens, og å styrke dei pårørande. Satsinga omfattar tre delprosjekt
  - Demensteam
  - Ressursgruppe i Heimetenesta
  - Demensomsorgens abc som er eit kompetansehevings tiltak.
  
- **Kommunehelsetenesta som læringsarena:**
  - Praksisfeltet er ein viktig læringsarena for både elevar, lærlingar, studentar og tilsette. USHT, Sogn og Fjordane og Førde kommune ynskjer gjennom denne satsinga å fremje læring, legge til rette for kunnskaps- og kvalitetsutvikling, og å rekruttere helsefagutdanna til kommunehelsetenesta.
  
- **Rehabiliteringsprosjektet:**
  - å auke kompetansen på rehabilitering i heimetenesta og på Helsetunet.
  - å sette rehabilitering i system, og sikre kvalitet.
  - samordne og utnytte kommunale ressursar.
  - etablere to rehabiliteringsplassar ved Førde Helsetun i 2011.

### Kostra-tal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Legetimar pr.veke pr. bebuar i sjukeheim	0,18	0,16	0,35	0,37	0,24	0,26	0,31	0,35
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale driftsutg	32,6	33,1	34,5	34	37,9	37,5	34,4	34,4
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kr., pleie og omsorgtenesta	10 976	11 757	12 912	12 963	16 200	16 034	12 251	12 396
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg, pr. innbygger 67 år og over	127262	133 756	100356	100 208	108360	107 143	93 912	100 609
Gjennomsnittleg antall tildelte timer bruker utafør institusjon	14,9	14,2	8,5	8,8	10,5	10,6	9,8	11,5
Gjennomsnittlig antall tildelte timar pr veke som brukarar av heimetenesta får	4,5	4,7	4,8	4,6	5,3	4,4	4,9	6,4
Andel heimebuande med høg timeinnsats i heimetenestene i prosent	13	10	6,0	6,1	7,7	7,5	6,1	7,1
Andel årsverk i brukarretta teenester m/ fagutdanning	79	75	72	73	71	70	76	76
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	20,9	20,1	19	18,4	18,6	18,1	16,4	15,8
Andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av bef. 80+	25	24	29	28	27	28	26	30
Andel brukarar med individuell plan (ikkje inst.)	30,2	22,1	10,7	10,9	13,1	12,3	11,9	12,3

#### Kommentar kostratal:

I nettodriftsutgifter pr. innbyggjar i pleie og omsorg ligg Førde kommune godt under landet og kommunar vi kan samanlikne oss med, men ein ser av nettoutgifter pr. innbygger 67 år og over, så ligg Førde kommune høgt over dei andre kommunane. Dette tyder på at Førde kommune brukar mykje på yngre brukarar.

Førde kommune ligg under samanliknbare kommuner når det gjeld kor høge driftsutgiftene i pleie og omsorg er i prosent av kommunen sin totale driftsutgifter. Dette kan ha samband med at Førde kommune har få eldre innbyggjarar.

## Kultur og kulturskulen

### Organisering

Einig	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Kultur	Liv Judit Straume (01.01.10- 31.08.10) Johan Bengtsson (01.09.10 – 31.12.10)	13,1	23	3,45%
Kulturskulen	Johan Bengtsson (31.08.10) Trude Skarvatun (kst. frå 01.09.10)	11,5	14	2,55%

### Økonomi

Einig	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Avvik i kr	Avvik i %
Kultur	7.586	8.203	- 617	-8,1 %
Kulturskulen	3.426	3.501	-75	-2,2 %

- Kultureininga sitt underskot skuldast rehabilitering av Storsalen i perioden 01.08.10 til 31.12.10. Det har ført til redusert aktivitet og inntekter frå både kino og arrangement i salen. Avvik innanfor eininga har vore varsla og kjent i 2010 gjennom rapportering til politisk og rådmannen.
- Kulturskulen hadde eit avvik på kr 75 885, som er eit betre resultat enn varsla gjennom budsjettrapporteringa i 2010.

### Viktige hendingar

#### Kultur

- Rehabilitering av Storsalen i Førdehuset
- Kulturprisen 2010 tildelt Slåtten skulemusikk
- Klarsignal for utbygging Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Besøk av dronning Sonja under Førdefestivalen
- Krimfest i Sunnfjord
- Einingsleiar Liv Judit Straume slutta 31.08.10 og Johan Bengtsson byrja som ny einingsleiar frå 01.09.10
- Utbyggingsplan for Hafstad idrettspark vedteken
- Opning av ballbinge Frøysland skule
- Sogn og Fjordane Teater og Riksteatret med mange flotte framsyningar

#### Kulturskulen

- Vårsprett - stor framsyning i kinosalen med Førde kulturskule
- Vidareføring og utviding av prosjektet Kultur og eldre i samarbeid med Helsetunet
- Einingsleiar Johan Bengtsson slutta i stillinga 31.08.10, og Trude Skarvatun vart konstituert som einingsleiar frå 01.09.10.
- Musikkprosjekt på Slåtten skule med tema "Ei reise i Europa"
- Musikkbingen teken i bruk med både utleige til band og undervisning
- Jul i Førdehuset, konsertar med elevar i Førde kulturskule
- Distriktsmusikarane deltok på både Verdis Requiem og Fotballoperaen i regi av Opera Nordfjord

## Måloppnåing - Kultur

Brukarane	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Oppretthalde besøkstal i symjehallen	14 000	Oppnådd – 15 738
Brukarmøte med grunnskulen, vidaregåande skular og frivillige lag og organisasjonar	Årleg brukarmøte	Oppnådd
Biblioteket. Tiltak for seniorgruppa	Eit nytt tiltak	Oppnådd. Fast Seniorsurf pr. måned
Biblioteket. Tiltak for fleire aldersgrupper	4 arrangement	Oppnådd – 8 arrangement i 2010
Biblioteket. Felles arrangement med dei andre biblioteka i Indre Sunnfjord	Eit felles tiltak	Oppnådd - utstilling
<p><b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b>            Kinotilbodet blei svekka etter 9. august då Storsalen blei stengt for rehabilitering. Kinotilbodet blei oppretthaldt i Lisjesalen heile 2010. Besøkstalet for kinoen var 25.308 i 2010 mot 38.024 i 2009. Besøkstalet for biblioteket auka frå 65.800 i 2009 til 68.500 i 2010, og utlånstalet auka frå 57.457 i 2009 til 63.126 i 2010. Biblioteket arrangerte 28 arrangement med til saman 805 besøkjarar. Dei tilsette i Førdehuset er opptatt av å yte best mogleg service til brukarane. Brukarane er stort sett nøgde med tilbodet.            Storsalen vart oppgradert hausten 2010, men framleis er det behov for vedlikehald og oppdateringar i resten av Førdehuset. Det gjeld:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Materiell og utstyr i Idrettshallen</li> <li>• Symjehallen</li> <li>• Møteromma treng oppussing.</li> <li>• Brukarar etterlyser sykkelstativ og sykkelparkering med tak.</li> <li>• Flygelet i Storsalen er i svært dårleg stand og må enten skiftast ut eller renoverast.</li> </ul>		

Medarbeidarar	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Auke scoren på medarbeidarundersøkinga for nøgde tilsette i Førde kommune	Auke frå 3,5 til 3,8	Oppnådd – 3,8 i 2010
Medarbeidersamtale for tilsette med stillingsprosent over 50%	Gjennomføre	Ikkje gjennomført pga av leiarskifte
Etikk. Fokus på etikk	Aktiv dialog i eininga	Gjennomført
<p><b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b>            God måloppnåing            Kultur oppnådde målet om auke frå 3,5 til 3,8. Etter vernerunda hausten 2010 kan vi konstatere at dei fleste tilsette opplever luftkvaliteten som mangelfull og for store temperatursvingingar. Etter at dei fleste har fått solskjerming er det oppgradering av ventilasjonsanlegget i biblioteket og kontorfløyen som bør prioriterast.</p>		

Økonomi	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
God økonomistyring	Detaljert oppfølging i samband med tertialrapportering	Varsla rapportering og prognosar har stemt med sluttresultatet
Betre marknadsføring av alle tenestene	Vidareutvikling av nettbasert tenester	Gjennomført – oppretta Facebookside
Oppgradering av Førdehuset	Rehabilitering av Storsalen	Oppnådd med godt resultat
<p><b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b>            Avviket skuldast planlagt driftsstans i Kino og arrangement i Storsalen. Dei tilsette i Kultur viser sær god budsjett disiplin, og kultureininga får mykje gode tenester ut av eit stramt budsjett. Eininga har eit stort inntektskrav over seg, og mykje av fokuset er å skaffe inntekter. Det er ei oppgåve som vert tatt alvorleg, og alle tilsette er innstilte på å møte publikum på ein god og positiv måte.</p>		

Samfunn	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Omdømebygging: Bidra til at Førdehuset og Kultur bidreg positivt til omdømebygginga i Førde	Bidra til positiv medieomtale	Mange positive innslag i media.
<b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b> Kultureininga er klar over sin rolle i samfunnet. Våre tilsette setter service til brukarane høgt, og vi er klar over kor viktig kultur og idrettstilbod er for den enkelte. Førdehuset har ein svært viktig rolle som kulturformidlar og arena innan kultur og fritid for innebyggjarane i Førde kommune.		

### Måloppnåing - Kulturskulen

Brukarane	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Kulturskule for alle Vidareutvikle kulturskulen med fagområda musikk, kunst og teater gjennom deltaking i det nasjonale utviklingsprosjektet "Kulturskule-focus 3"	6 deltakarar på kurs	Ønska resultat er nådd
Kulturskulen integrert i grunnskulen og SFO	Etablere samarbeid med Sunde skule om "Korps i skulen" for 4. kl.	Oppnådd
Alle born og unge skal oppleve eit inkluderande oppvekstmiljø	Vidareføre integreringsprosjektet Mosaik i samarbeide med Norsksenteret, Fylkessenter for musikkterapi og Bergum mottak	Resultat nådd i mindre omfang enn ynskjeleg grunna manglande ressursar
Webportal - heimeside	Ferdig løysing i 2010	Oppnådd
<b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b> Kulturskulen er inne i ein god utvikling der vi er meir synlege på nettet og vi når brukarane betre med informasjon både gjennom heimesida vår og ny sms-funksjon i kulturskulestyringsprogrammet. Brukarane har fått tilgang på elektronisk skjema til påmelding via heimesida til kulturskulen. Utfordringa ligg i å få til eit elektronisk søknadsskjema for elevar i 2011 som kan kommunisere med både Cetus (kulturskulestyringsprogrammet) og med Agresso for fakturering.		

Medarbeidarar	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Kompetente og fornøgde tilsette i Førde kommune	Auke scoren på medarbeidarkartlegginga frå 4,3 til 4,4	Ønska resultat er oppnådd – 4,5
Etikk	Reglementet til kommunen skal vere kjent hjå dei tilsette	Ønska resultat er oppnådd
Innkluderande arbeidsliv	Sjukefråvær under 6 %	Ønska resultat er oppnådd (2,55%)
<b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b> God måloppnåing, men det er verdt å merke seg den lave scoren frå medarbeidarkartlegginga i 2010 på fysiske arbeidsforhold på 2,2. Landssnitt er 4,1 og snitt i Førde kommune 4,2.		

Økonomi	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
God styring av økonomiske ressursar	Budsjett i balanse.	Delvis oppnådd
<b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b> Med dei endringane som er gjort i 2010 har vi klart å halde budsjettet med berre eit mindre underskot.		

Samfunn	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Mangfald - Våre nye landsmenn	Plass for asylsøkjjarar som ynskjer det.	Eit mindre omfattande tilbod for einslege mindreårige er gjennomført innafor eksisterande budsjettramme
<b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b> God måloppnåing innafor dei økonomiske rammene ein har		

Interne prosessar	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Lærande organisasjon	Gjennomgang av tilbodet i 2010	Gjennomført gjennom arbeidet med brosjyre og heimeside
Kultur og eldre	Avdelingskonsertar månadleg. Samarbeide med seniorkoret og tilsettekoret ved Helsetunet.	Ønska resultat nådd
Den lokal skulesekken	Revitalisere kulturforum i 2010	Ikkje nådd
<b>Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:</b> Kultur og eldre"-prosjektet er drive av prosjektmidlar og må inn i økonomiplanen om vi skal kunne fortsette konsertverksemda på same nivå som i dag.		

### Utfordringar framover – Kultur

- 2010 har vore spesiell grunna renovering av Storsalen. Utfordringa blir å legge til rette for at den nye salen fører til auka arrangement og tilsvarande auka inntekter. Vi ser ein auke i besøk i symjehallen og i utleige av idrettshallen, det er positivt. Møteromma har dårleg standard og vi er lite konkurransedyktige. Det trengst ein oppgradering av alle våre møterom.
- I idrettshallen og symjehallen er det viktig at ein i framtida kan få driftsrammer for å kunne oppgradere nytt brukarutstyr, nye heisveggar og nytt teknisk driftsanlegg i symjehallen, kombinert med å halde leigeprisane på rett nivå for brukarane.
- Kinoen har, med ny Storsal, digitalisering, 3D-teknikk, nye lerret og lydutstyr, potensiale for fleire besøkjarar. Bete marknadsføring og auka besøkstal er ei klar målsetting.
- I næraste framtid må vi utvikle biblioteket vidare til å vere ein attraktiv stad å vere. Biblioteket skal vere kulturformidlar, informasjonssenter og møteplass. Det er sett i gang tiltak med bokkveldar med ulike tema. Biblioteket har planar om å utvikle eit prosjekt mot Førde Litteraturhus.
- Drift og vedlikehald av alle idrettsanlegga i kommunen byr på større utfordringar enn vi har ressursar til. Nødvendig vedlikehald av anlegg, inventar og utstyr vert prioritert innafor dei rammene ein har.
- For personalressursen i kultur er viljen til å yte stor, noko den store aktiviteten viser. Med tanke på vidare utvikling er det ønskjeleg å få på plass ein ny stilling innan sal, informasjon og marknadsføring. Jamfør økonomiplanen.
- Etablering av ny drift i Skrivarløa, oppretting av ei ungdomsstilling, etablering av ungdommens bystyre samt aktivitetar og tiltak for ungdom blir ei viktig utfordring å få på plass i 2011



## Utfordringar framover – Kulturskulen

- Kultur og eldre-prosjektet må inn i faste økonomiske rammer. Vi held 60-70 konsertar i året på helsetunet i tillegg til å stille med dirigenttenester og solistar til kora.
- Teatertilbodet bør startast oppatt haust 2011. Dette er avhengig av rekruttering av kvalifisert personale i 15% stilling.
- Kulturskulen har 440 elevar og når mange fleire gjennom våre samarbeidsprosjekt
- Nye lokale. Kulturskulen manglar plass og meir eigna lokale bør vurderast. Skulen har underviser 440 elevar pr veke og 322 av dei har undervisning i Gamlebanken. I vinter har ein vore nøydd til å stenge lokala og flytta undervisning til andre plassar grunna kulde. Gamlebanken har uisolerte veggjar og golv, noko som betyr låge temperaturar i 1. etasje i lengre periodar. Om sommaren blir det svært varmt og manglande ventilering gjer det vanskeleg til undervisning.
- Talentutvikling. Eit laurdagsskuletilbod vert forsøkt starta haust 2011 for å ivareta talenta i Førde kommune og der andre kommunar kan kjøpe seg plassar.
- Kulturskulen er i fin driv med nøgde tilsette, stor tilgang på elevar og høgt
- aktivitetsnivå. Vi samarbeider breitt med grunnskular, helsetunet, kor, korps og det frivillige kulturliv i Førde kommune i tillegg til at vi er synlege i fylket med dirigentar, musikarar, solistar og organisasjonsarbeide. Nøtteknecker-produksjonen kan stå som eit godt symbol på kva kulturskulen kan få til i samarbeide med andre gode krefter.

## Kostratal

	Førde		Kommunegr. 8		Fylket		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
<b>Kultur</b>								
Nto driftsutg kultursektoren i prosent av kommunens totale nto driftsutg	4,2	3,9	3,5	3,7	3,7	3,9	4,2	4,4
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1420	1390	1267	1343	1590	1728	1605	1726
<b>Folkebibliotek</b>								
Nto driftsutg til folkebibliotek i forhold til kommunens totale driftsutg	0,9	0,8	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,6
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger	297	295	236	244	308	313	250	253
<b>Kino</b>								
Netto driftsutg til kino i forhold til kommunens totale driftsutg (i prosent)	-0,08	0,1	0,04	0,06	0,04	0,06	0,03	0,03
Netto driftsutgifter til kino per innbygger	-26	36	16	20	16	25	10	13
Netto driftsutgifter til kino per besøkende	-8,1	17,6	12,8	18	11,2	21,7	3,9	5,9
Antall innbyggere per kinosete	22,6	22,9	47,2	51,4	29,2	33,9	60,3	62,3
Besøk per kinoforestilling	50,6	37,3	32,6	25,4	39	31,4	41,3	34,9
<b>Ungdomstiltak, idrett, m.m.</b>								
Netto driftsutgifter til idrett per innbygger	198	11	148	140	271	281	197	160
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger	34	37	117	136	100	110	184	192
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-18 år	176	194	651	751	548	614	1104	1169
<b>Driftstilskudd til frivillige organisasjoner</b>								
Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskudd	58	67	31	32	26	26	37	38
Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger pr lag som mottar tilskudd	10948	9627	20896	28209	14271	136308	28880	54525
<b>Kommunale musikk- og kulturskoler</b>								
Netto driftsutgifter, i prosent av samlede netto driftsutgifter	0,9	0,9	0,6	0,6	0,8	0,7	0,6	0,6
Netto driftsutgifter per innbygger	313	316	221	233	322	332	220	220
Netto driftsutgifter, per innbygger 6-15 år	2157	2183	1631	1695	2347	2453	1731	1756
<b>Andre kulturaktiviteter</b>								
Netto driftsutgifter til muséer per innbygger	0	0	32	33	44	23	63	64
Netto driftsutgifter til kunstformidling per innbygger	219	229	28	47	35	36	83	87
Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter per innbygger	170	38	184	159	208	178	232	239



Førde kommune brukar mindre midlar enn landssnittet, litt meir enn samanliknbare kommunar og likt med fylket innan kultur. Kommunen har eit mindre forbruk innan kultur samanlikna med 2009. Bibliotek har eit forbruk på same nivå som gjennomsnittet med landet, like kommunar og fylket. Kino har eit mindre forbruk enn samanliknbare kommunar, fylket og landet. Innan ungdomstiltak har Førde eit klart mindre forbruk enn fylket, samanliknbare kommunar og landet. Førde ligg høgre enn landet, like kommunar og fylket innan kunstformidling. Dette heng saman med kommunen sin rolle som vertskommune for Sogn og Fjordane Teater, Sunnfjord museum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Kulturskulen har eit litt høgre forbruk enn landet, like kommunar og fylket. Distriktsmusikarordninga med fylket er årsaka til dette.

Konklusjon: Førde kommune har ein effektiv og god tenesteproduksjon innan kultur og kulturskulen.

## Tekniske tenester

### Organisering

Einig	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Teknisk forvaltning (01.01.10 – 30.09.10)	Bernhard Øberg	15	15 + 20 deltid (brann)	2,43
Brann og redning (ny) (frå 01.10.10 – 31.12.10)	Bernhard Øberg	8,5	8+ 20 deltid (brann)	2,43
Arealforvaltning (01.01 – 30.09.10)	Reidar Hatlebrekke	6,6	7	3,20
Byggesak og arealforvaltning (ny) (frå 01.10.10)	Odd Harry Strømsli	11,3	13	3.03
Teknisk drift	Asbjørn Etterlid	15	15	2,80
Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)	Magne Reidar Førde	57	62	10,6

### Økonomi

Einig	Budsjett 2010 (1000 kr)	Rekneskap 2010 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Teknisk Forvaltning	7 321	7 206	114	1,6 %
Arealforvaltning	3.007	2 841	166	5,5 %
Byggesak og arealforv.	1 902	2 329	- 427	-22,5 %
Teknisk Drift	8.096	7.966	130	1,6 %
VAR	-10.603	-7.075	-3.528	33,3 %
FDV	41 264	46 187	- 4 922	-11,9 %
Brann og redning	2 105	2 149	- 44	2,1 %

#### Kommentar til meirforbruk innan forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) og teknisk drift

- Auka kostnad elektrisk kraft og brensel. Sum avvik er 2,88 mill kr
- Auka husleigekostnader nye kommunale bustader. Sum avvik 0,78 mill kr
- Auke i kommunale avgifter. Sum avvik 0,7 mill kr
- Teknisk drift har eit overforbruk grunna meirforbruk på brøyting og gatelyst ( 1 mill). Årsaka er ein ekstrem hard og lang vinter
- Driftsresultata i 2010 frå dei andre tekniske einingane må sjåast samla når det gjeld økonomi. Når ny organisasjon er etablert vil dette bli retta på i 2011.

#### **Viktige hendingar**

- Bygging av nytt reinseanlegg
- Planlegging av rådhus og omsorgsbustader
- Gjennomføring av sentrumstiltak – bygging av gangbru, gangveggar på nordsida av Jølstra, bysti og opprusting av Festplassen
- Oppgradering av skulebygg, bygging av kunstgrasbane på Sunde og ballbinge Frøysland skule
- Oppstart av områdeplan for Sentrum Sør og detaljplan Rådhuskvartalet
- Vedtak kommunedelplan Energi, miljø og klima
- Vedtak detaljplan Hafstad idrettspark
- Omorganisering av tekniske tenester er gjennomført frå 01.10.10 såleis:
  - Teknisk forvaltning, med unntak av brann, og arealforvaltning er slege saman til ny eining; Byggesak og arealforvaltning
  - Brann og redning er oppretta som ny eining
  - Teknisk drift har fått overført 2 stillingar frå VA plan

- Forvaltning, drift og vedlikehold – som før

## **Mål som er nådd**

### **Fokusområde Brukarane**

- Tidsfristane i plan- og byggesakene vert haldne
- Referat frå alle førehandskonferansar
- Skriftleg referat frå førehandskonferansar
- Betre tilrettelegging og kvalitetsmessig beslutningsgrunnlag
- Vassforsyning av rett mengde og kvalitet
- Sikker drift på vatn og avløp

### **Fokusområde Økonomi**

- Halde budsjettet. Delvis nådd

### **Fokusområde Medarbeidarane**

- Lågt sjukefråvær. Delvis nådd
- Gjennomgang av dei etiske retningslinene delvis nådd
- Medarbeidarsamtale med einingsleiarane er gjennomført
- Gjennomført medarbeidarundersøking i 2010
- Opplæring av personell på nytt reinseanlegg gjennomført
- Kompetanseutvikling reinhaldarar. 10 stk teke fagbrev
- Utdanning av 4 dagkasernerte utrykkingsleiarar ved Norges Brannskule held fram

### **Fokusområde Samfunn**

- Einingane framstår med positivt omdømme hjå brukarane gjennom publikumskontakt og WEB
- Positiv sentrumsutvikling
- Fast dekke på grendavegar
- Velstelte parkar og plenar i sentrum.
- Mange pipebrannar (15), samt oftare utrykning av brannvesenet i 2010 (142)

### **Fokusområde Interne prosessar**

- Ny organisering av tekniske tenester er gjort gjeldande frå 01.10.10
- Klarare ansvarsdeling mellom dei ulike tenestene delvis nådd
- Gjennomført revisjon av HMS- handbok for brannvesenet

## **Mål som er delvis eller ikkje nådd**

### **Fokusområde Brukarane**

- Tilsyn i høve brann- og eksplosjonsvern §13 – klar forbetring.
- Registrering av feilkoplingar spillvatn/overvatn

### **Fokusområde Medarbeidarar**

- Ikkje gjennomført medarbeidarsamtaler ved Teknisk Forvaltning og Teknisk Drift.
- Redusert sjukefråvere i eininga FDV er delvis oppnådd (10,6)
- Medarbeidarsamtale med alle tilsette over 50% stilling ikkje nådd

## Utfordringar framover

- Oppgradering på utstyrsida i brannvernet
- Økonomiske utfordringar med omsyn til vedlikehald og brøyting av kommunale vegar
- Gjennomføre og få samkøyrte den nye organiseringa av teknisk sektor
- Forvaltning, drift og vedlikehald
  - Kontroll over drifts- og vedlikehaldskostnadene
  - Installere tekniske styringssystem, spesielt retta mot energiltak og mindre utbetringar av bygningar og tekniske installasjonar.
  - vedlikehaldsbudsjett for kvar bygning/brukareining.
  - Større fokus på energiøkonomisering og ressursbruk.
  - Oppgradering av bygningar og tekniske installasjonar. Gjennomføring av planlagde enøk-tiltak
  - Utvikling av drifts- og vedlikehaldsrutinar for driftspersonalet og brukarane
- Oppgradering av brannvesenet – mannskap, utstyr og bilparken
- Byggesakstilsyn
- Adressering
- Oppmåling treng meir ressursar
- Behov for meir ressursar til arbeidet med kommuneplanen, trafikkplanen
- Oppdatering av matrikkelen og gardskart
- Samkøyrte drift på det nye reinseanlegget i samsvar med krava til akkreditert prøvetaking og sikker drift
- Utarbeiding av ny brøyteavtale i kommunen
- Utarbeiding av kommunal planstrategi
- Utbygging av Hafstad idrettspark/Bydel

## Kostra-tal

Bygge-, delesaksbeh. og seksjonering	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Netto driftsutgift per innb	5	3	36	5	40	54	33	32
Brutto driftsutgifter pr. kvm. godkjent bruksareal	95	53	100	91	103	78	118	111
Brutto driftsutg. , per innb.	136	156	190	200	168	182	193	212
Brutto driftsinntekter, per innbygger	135	156	162	208	134	134	169	189
Totale gebyrinntekter pr. kvm. godkjent bruksareal	92	50	77	87	75	54	93	90
Kjøp av varer og tj. som erstatter egenprod, per årsinnbygger	0	0	2	2	1	1	2	3
Korrigerte brutto driftsutgifter , per årsinnbygger	128	147	154	159	129	138	152	165
Andel driftsutg. til byggesak av totale driftsutg. til fysisk tilretteleg	33	26	34	36	32	30	33	34
Andel driftsinntekter til byggesak av totale driftsinntekter fra fysis	53	48	48	55	46	41	49	52
Saksgebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL §93 pkt. a.	14000	14000	8693	12001	5448	6952	7395	8182

Kommunen har tilnærma sjølvkost og mindre forbruk innan bygge- og delesaker samanlikna med landet og fylket. Høgre saksgebyr enn like kommunnar, landet og fylket.

Plansaksbehandling (funksjon 301)	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Nto driftsutg som andel av kommunens samlede nto driftsutg	0,46	0,59	0,41	0,42	0,27	0,33	0,41	0,43
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger	154	208	148	152	115	148	154	167
Alder for kommuneplanens arealdel	3	4	4	5	5	5	5	5
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	8	9	4	5	6	4	6	6
Antall kommunedelplaner for areal vedtatt i rapporteringså	0	0	0	0	0	0	0	0
Antall tematiske kommunedelplaner vedtatt i rapporterings	1	3	1	0	1	1	0	0
Antall reguleringsplaner vedtatt av kommunestyret siste år	5	2	5	3	4	3	5	3
Antall bebyggelsesplaner vedtatt av kommunen siste år	1	0	1	0	0	0	1	0
Saksbeh.gebyr, privat reg.plan, boligformål. jf. PBL-08 § 3	48280	49000	31274	46410	13535	16628	27767	34814

Kommunen har høgre ressursbruk innan planhandsaming enn like kommunar og landet, og litt høgre enn fylket i 2010. Førde har eit høgre saksgebyr samanlikna med like kommunnar, landet og fylket.

Kart og oppmåling (funksjon 303)	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Nto driftsutg som andel av kommunens samlede nto driftsutg	0,03	0,3	0,21	0,16	0,27	0,28	0,24	0,22
Nto driftsutg til kart og oppmåling per innbygger.	11	107	77	58	114	125	89	88
Bto driftsutg som andel av kommunens samlede bto driftsutg	0,13	0,28	0,33	0,3	0,34	0,34	0,32	0,31
Brutto driftsutg. til kart og oppmåling (funk. 303), per innb.	76	170	182	167	225	236	184	188
Bto driftsinnt som andel av kommunens samlede bto driftsinnt	0,12	0,13	0,21	0,21	0,18	0,18	0,18	0,18
Brutto driftsinntekter til kart og oppmåling, per innbygger	73	78	116	118	123	130	106	110
Kjøp av varer og tj. som erstatter egenprod, kart og oppmåling, per årsinnby	9	16	2	2	6	5	5	7
Korrigerte brutto driftsutgifter kart og oppmåling, per årsinnbygger	62	144	148	134	170	180	142	144
Andel driftsinnt av totale driftsinnt fra fysisk tilrettelegging og planlegging.	28	24	34	31	43	40	31	30
Andel driftsutg til av totale driftsutg. til fysisk tilrettelegging og planlegging.	19	28	32	30	43	39	32	31
Tekn. kartlegging. Andel ferdig av forutsatt kartlagt, std.	100	100	100	98	101	100	99	99
Tekn. og øk. kartlegging. Andel ferdig av forutsatt kartlagt, std.	100	100	93	94	100	100	90	103
Innsyn i kartverk via kommunens Internettsider	Ja	Ja	..	..	..	..	..	..
Standardgebyr for kombinert kart- og delingsforetn., tilsvarende en boligtomt	11500	16100	11822	15567	11040	13305	11030	13203

Kommunen har eit tilsvarende ressursbruk innan kart og oppmåling som like kommunar, landet og fylket. Auke i 2010 som følgje av utvida bemanning og stor aktivitet. Kommunen har høgre gebyr samanlikna med like kommunnar, landet og fylket.

Forvaltning, drift og vedlikehald	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Nto driftsutg til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger	3272	4033	3349	3458	3897	4318	3798	4195
Bto driftsutg til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger	4486	10162	3275	3963	3028	3993	3383	3453
Energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvm	125	178	114	119	100	139	115	141
Netto driftsutgifter til førskolelokaler per innbygger	377	545	273	301	421	453	406	447
Netto driftsutgifter til skolelokaler per innbygger	1726	1918	1762	2013	1989	2129	1949	2087
Netto driftsutgifter til institusjonslokaler per innbygger	524	669	599	631	788	820	696	762
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger	211	211	116	167	104	169	112	131

Førde kommune har eit tilsvarande driftsforbruk til kommunale eigedomar som landet og fylket, og høgre enn like kommunar. Energi kostnadene er klart høgre enn like kommunar, landet og fylket. Utfordring i 2011: Kommunen må ha større fokus på energiøkonomisering og ressursbruk av kommunale bygg. Oppgradering av bygningar og tekniske installasjonar samt gjennomføring av planlagde enøk-tiltak er prioriterte tiltak.

Brann- og ulykkesvern	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Årsgebyr for feiing og tilsyn (gjelder rapporteringsåret +1)	320	343	296	331	352	363	336	357
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger	561	604	552	531	629	682	540	554
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner	557	584	578	549	672	722	578	591

Førde kommune har eit normalt forbruk innan brann samanlikna med like kommunar, landet og fylket.

Konklusjon: Førde kommune har ein effektiv og god tenesteproduksjon innan tekniske tenester.

## Politikk

Bystyret i Førde har 27 medlemmer. Formannskapet har 9 medlemmer. Formannskapet er personidentisk med planutvalet som også har 9 medlemmer.

Alle medlemmene i bystyret er representert enten i formannskapet eller i ein av komitèane. Unntaket er leiar i kontrollutvalet som ikkje kan ha andre verv.

Når det gjeld dei politiske utvala , hadde dei slik aktivitet i 2010:

Organ	Tal møter	Tal saker
Formannskapet	23	94
Planutvalet	15	73
Bystyret	8	82
Finanskomite	6	6
Valstyret	0	0
Samfunn- og utviklingskomiteen	8	18
Levekårskomiteen	9	27
Klageutvalet	5	11
Klageutvalet HS	1	2
Eldrerådet	3	4
Arbeidsmiljøutvalet	6	21
Administrasjonsutvalet	1	1
Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4	6
Kontrollutvalet	9	44

Av større politiske saker i 2010 kan vi nemne: Organisering av næringsutviklingsarbeidet i Sunnfjord, gjennomføring av bygging av Rådhus i Førde kommune, detaljplan Hafstadparken, Bystien, Samhandlingsreforma, Prioritering av sentrumstiltka, Førdehuset – rehabilitering av kino/storsalen, økonomireglement, finansreglement og Førde som sykkelby.

Andre saker som har teke mykje tid i 2010 har vore E-39 og vegløyising gjennom Førde og arbeidet med ny parkeringsordning.

## Internasjonalt arbeid

Førde kommune er involvert i tre prosjekt der kommunen er direkte engasjert i samarbeid med andre kommunar og distrikt i utlandet.

### La Crosse , USA

La Crosse er Førde kommune sin vennskapskommune i USA. Arbeidet er leia av ei arbeidsgruppe på 4 personar som representerer ulike organisasjonar i Førde.

### Kent, USA

Samarbeidskommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal har oppnemnt ei arbeidsgruppe med 2 representantar frå kvar kommune. Grappa har som oppgåve å utvikle venskapssamarbeidet med Kent og å planlegge utveksling mellom samarbeidskommunane og Kent.

Hausten 2010 var ein stor delegasjon frå dei samarbeidande kommunane på besøk i Kent. Frå den kommunale organisasjonen deltok rådmannen. Tidlegare på året var det også ungdomsutveksling med eit volleyball-lag frå Sunnfjord.

### Ntchisi, Malawi

Førde kommune har sidan 2006 hatt eit kommunesamarbeid (Municipal International Cooperation - MIC) med Ntchisi District Assembly i Malawi.

Samarbeidet på 4 sentrale programområde har vore koordinert av KS (Kommunenes Sentralforbund) med støtte frå NORAD. Diverre har KS valt å kutte samarbeidet med Malawi etter 2009, og eventuelt vidare samarbeid mellom Malawi/Ntchisi og Førde vil difor vere avhengig av politisk/lokalt initiativ frå Førde kommune si side.

Parallelt med kommunen sitt samarbeid i Malawi via KS/NORAD, har det sidan desember 2009 vore selt folkeaksjar i Førde kommune til innsamling av midlar til å fullføre kulturhuset i Ntchisi som har stått uferdig og utan tak sidan 2006. Det vart samla inn kr 128.000. I tillegg har formannskapet løyvd kr 150.000.

Ein delegasjon frå Førde kommune, leia av varaordførar Eva Marie Halvorsen, vitja Malawi på nytt i mars 2011 i samband med opning av det nye kulturhuset. Huset er ferdig og har hatt ein stor betydning for utviklinga av Ntchisi.

Øyrane vidaregåande skule er også engasjert i eit samarbeidsprosjekt med den vidaregåande skulen i Ntchisi, og har bidratt til forbetring av dei sanitære forholda på skulen. Det er også kome signal om at Hafstad vidaregåande skule vil innleie eit liknande samarbeid.





## **Interkommunalt samarbeid**

Førde kommune deltek i ei rekkje interkommunale samarbeid av meir eller mindre forpliktande art. Vi vil kort gjere greie for nokre av desse samarbeida:

### **SYS-IKT (IKT-samarbeidet)**

Interkommunalt samarbeid oppretta for og av kommunane Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Høyanger og Gulen. I tillegg deltek Flora kommune i sikkerheitsløyninga. Samarbeidet er organisert som eit interkommunalt samarbeid med eige styre jf. kommunelova sin § 27 nr. 1. SYS IKT har hovudkontor i Førde kommune. Rekneskapen for SYS IKT vert ført som ein del av Førde kommune sitt rekneskap, som eige ansvar 120 både i drifts- og investeringsrekneskapen.

### **Rekneskapssamarbeid**

Førde kommune fører rekne- og skatterekneskap for kommunane Førde, Gaular og Naustdal. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen, der Førde kommune har arbeidsgjevaransvaret.

### **PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)**

PPT i si noverande form vart også oppretta i 2005, og organisert er vertskommunemodellen. Førde kommune er vert og arbeidsgjevar. Vi sel tenester til Naustdal, Gaular, Jølster, Bremanger samt Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

### **SIS**

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) er eit interkommunal samarbeidsorgan for kommunane Flora, Naustdal, Gaular, Jølster og Førde. Medlemer av SIS består av ordførarar og rådmenn i medlemskommunane. I 2010 har SIS hatt fem satsingsområde for regionalt utviklingsarbeid: Næringsutvikling, rekruttering, samhandling i Sunnfjord, reiseliv og høgskule

SIS har hatt 8 møte i 2010 og handsma 58 saker. Viktige saker i 2010 har vore:

- Samhandlingsreforma – St. meld. Nr 47 (2008-2009)
- Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunal legevaktsamarbeid
- Samferdsel
- Reiseliv
- Undervisning/ ungdom
- Sekretariatstenester for kontrollutvala
- Helse Førde
- Interkommunal plansamarbeid
- Kultur
- Interkommunal byggesakstilsyn

### **SYS-IKL (legevaktsamarbeid)**

Kommunane Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Høyanger, Jølster og Nausdal etablerte i 2009 felles legevaktkontor som er lokalisert ved Sentralsjukehuset i Førde.

## Sjukefråvær

Basert på legemeldt sjukefråversregistrering i NAV pr fjerde kvartal

Det legemeldte sjukefråveret i Førde kommune var i 2010 på gjennomsnitt på 6,3 % I tillegg til det legemeldte sjukefråveret kjem eigenmeldingar som utgjør om lag 0,9 % av det totale sjukefråveret.

I Førde kommune var såleis det totale sjukefråveret på 7,2 % i 2010.

Legemeldt sjukefråver					
	2006	2007	2008	2009	2010
1. kvartal	6,4	7,1	8,5	6,6	6,3
2. kvartal	6,7	7,4	7,7	7,1	5,4
3. kvartal	6,6	7,4	7,5	7,4	6,2
4. kvartal	7	6,9	6,3	7,6	7,3
Gjennomsnitt	6,68	7,2	7,5	7,2	6,3

### Kommentar:

Samanlinar vi med tidlegare år, så har det legemeldte sjukefråveret dei siste fem åra aldri vore lågare enn i 2010. Iht 2009 er det ein nedgang på heile 12,5 %.

Legemeldt sjukefråver – samanlikning med anna verksemdar pr 3. kvartal 2010					
	3. kvartal 2010	3. kvartal 2009	3. kvartal 2008	3. kvartal 2007	3. kvartal 2006
Førde kommune	6,2 %	7,4 %	7,5 %	7,4 %	6,6 %
Kommunal forvaltning	7,1 %	8,3 %	7,6 %	7,5 %	7,5 %
Hele landet	6,1 %	6,9 %	6,1 %	6,0 %	6,1 %

### Kommentar:

Samanlikna med andre kommunar, så ligg Førde kommune sitt legemeldte sjukefråver 0,9 % lågare pr 3. kvartal 2010 enn gjennomsnittet av kommunar i landet. Det er tilsvarende for same periode i 2009. Samanliknar vi med heile landet så ligg kommunen berre 0,1 % høgare mot 0,5 % i 2009. Ser vi på same periode i 2006, så har kommunen redusert sitt legemeldte sjukefråver med 0,4 % mens det i mot tilsvarende periode i 2009 er redusert med heile 1,2 %.

Totalt sjukefråver – sortert på den einkilde eining (Eigenmeldingar og legemeldt sjukefråver – basert på uttrekk av data frå eige lønssystem)									
Ansvar	Namn	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Snitt 2010	Snitt 2009	Snitt 2008	Endring 2010-2008
110	ADMINISTRASJON STAB	7,48	5,54	5,70	4,72	5,86	6,2	7,5	-1,64
216	ANGEDALEN SKULE	0,22	0,00	6,44	11,66	4,58	4,5	0,4	4,18
640	AREALFORVALTNING	3,05	4,80	1,55			4,6	4,7	
650	BRANN OG REDNING				2,43	2,43			
315	BU- OG MILJØTENESTA	9,59	7,02	6,66	11,61	8,72	10,4	14,2	-5,48
610	BYGGESAK OG AREALFORV.				3,03	3,03			
140	FAGUTVIKLING	2,64	0,32	1,85	0,93	1,43	6,6	5,3	-3,87

620	FDV	13,70	7,61	8,66	12,53	10,62	16,2	16,4	-5,78
218	FLATENE SKULE	9,26	8,24	8,15	8,93	8,64	9,3	6,5	2,14
215	FRØYSLAND SKULE	0,00	0,00	3,39	4,91	2,07	0,2	1,6	0,47
210	FØRDE BARNESKULE	6,56	9,05	4,80	11,87	8,07	8,4	9	-0,93
275	FØRDE FAMILIEBARNEHAGE	13,93	2,05	4,12	6,22	6,58	12,3	4,9	1,68
250	FØRDE KULTURSKULE	2,50	1,21	4,15	2,33	2,55	3,3	3,4	-0,85
219	FØRDE UNGDOMSSKULE	3,79	2,01	5,39	4,92	4,03	6,5	5,3	-1,27
271	HALBREND BARNEHAGE	9,85	5,36	6,09	2,40	5,93	7,7	6,3	-0,38
211	HALBREND SKULE	5,74	7,06	5,41	1,90	5,03	5,3	6,4	-1,37
278	HATLEHAUGEN BARNEHAGE	3,79	2,86	1,67	2,13	2,61	6,3		2,61
372	HEIMETENESTER/omsorgsløn	8,86	4,85	4,53	11,51	7,44	8,3	8,3	-0,86
310	HELSE OG BARN/omsorgsløn	8,10	6,19	6,91	5,89	6,77	9,5	6,7	0,07
375	HELSETUNET EINING 2	12,38	7,19	14,80	13,77	12,04	11,6	9	3,04
376	HELSETUNET EINING 3	16,05	20,35	11,16	16,06	15,90	20,2	16,3	-0,40
374	HELSETUNET, SKJERMA	17,03	12,52	5,62	10,50	11,42	13,1	12	-0,58
214	HOLSEN SKULE/ BARNEHAGE	3,03	7,28	1,97	5,30	4,39	2,2	2,4	1,99
120	IKT	2,15	2,98	0,00	1,02	1,54	1,8	0,5	1,04
212	KARSTAD SKULE	2,61	0,42	0,20	6,35	2,40	2,9	0,3	2,10
373	KJØKKENTENESTA	3,60	4,23	6,92	6,76	5,38	3,9	5,5	-0,12
314	KRONBORG RESSURSHAGE	9,34	1,25	2,70	3,71	4,25	12,1	7,7	-3,45
500	KULTUR	4,74	3,42	2,77	2,86	3,45	3,9	4,3	-0,85
355	NAV/ inkl.kvalifiseringsprogram	1,29	2,85	0,60	4,11	2,21	2,8	2,7	-0,49
230	NORSKSENTER/Introduksjonsløn	3,19	4,85	4,45	10,39	5,72	2,9	5,9	-0,18
260	PPT	8,37	9,35	1,86	7,14	6,68	8,6	12,4	-5,72
340	PSYKIATRITENESTA	9,72	10,91	12,76	7,62	10,25	11,8	12,5	-2,25
130	REKNESKAP	3,55	3,57	3,02	3,67	3,46	9,4	9,2	-5,74
100	RÅDMANNSKONTORET	0,62	9,49	1,34	0,95	3,10	6,3	6,7	-3,60
270	SLÅTTEBAKKANE BARNEHAGE	13,23	13,59	11,43	17,24	13,87	5,5	13,9	-0,03
217	SLÅTTEN SKULE	1,91	2,91	3,96	7,64	4,1	5,1	4,6	-0,5
274	SOLSIDA BARNEHAGE	13,34	11,33	7,51	10,23	10,60	6,6	8,6	2,00
273	SUNDE BARNEHAGE	12,03	4,21	1,82	3,02	5,27	11,8		5,27
213	SUNDE SKULE	4,61	2,33	0,71	2,49	2,53	10,6	3,3	-0,77
670	TEKNISK DRIFT	1,22	0,66	5,72	2,03	2,40	2,3	6,8	-4,40
630	TEKNISK FORVALT./brannkonst.	1,76	4,10	1,05				3,9	-3,90
277	TUSENFRYD BARNEHAGE	9,44	5,03	6,31	2,48	5,81	9,7	4	1,81
272	VIE BARNEHAGE	12,88	8,02	10,24	10,81	10,49	11,3	11	-0,51
276	VIEÅSEN BARNEHAGE	3,95	6,01	7,58	12,91	7,61	6,3	12,4	-4,79
279	YTRE HAFSTAD BARNEHAGE			7,23	10,09	4,33			

#### Kommentar:

Om vi samanlikner sjukefråvert i 2010 mot tilsvarende i 2008, så har totalt 28 av 40 einingar eit lågare sjukefråver i 2010 vs 2008.

Av kommunen sine 43 einingar, så har 8 einingar einingar eit gjennomsnittleg sjukefråver over 10 %. Tilsvarende tal i 2009 var 11 einingar. Sjukefråveret varierer sterkt innad i kommunen, men det høgste sjukefråveret finn vi generelt innan helse- og sosialeiningane samt barnehagane.

Det er fokus på at rutine for oppfølging av sjukmeldte skal følgjast. I tillegg har det vore gjennomført ein rekke kurs/opplæring innan HMS-området.

To einingar (Eining 3 og FDV) har vore følgd opp spesielt i 2009 i egne prosjekt. Vi ser no at sjukefråveret i desse to einingane har blitt redusert i 2010.

<b>Legemeldt sjukefråver fordelt på varigheit</b>					
	<b>3. kvartal 2010</b>	<b>3. kvartal 2009</b>	<b>3. kvartal 2008</b>	<b>3. kvartal 2007</b>	<b>3. kvartal 2006</b>
Førde kommune totalt	6,2 %	7,4 %	7,5 %	7,4%	6,60 %
<8 dagar	0,4 %	0,7 %	0,5%	0,4 %	0,4 %
8-16 dagar	0,5 %	0,8 %	0,6 %	0,9 %	0,5 %
17 dagar - 8 veker	1,9 %	2,0%	2,0 %	1,5 %	1,8 %
>8 veker - 20 veker	1,7 %	1,2 %	2,2 %	2,1 %	1,8 %
>20 veker - 39 veker	0,9 %	2,1 %	1,2 %	1,6 %	1,6 %
>39 veker	0,8 %	0,7 %	1,1 %	0,9 %	0,3 %

**Kommentar:**

I høve til 2009 så har alt fråver blitt lågare med unntak av fråver mellom 8- 20 veker. Denne har auka med 0,5 %.

<b>Legemeldt sjukefråver fordelt på kjønn</b>					
	<b>3. kvartal 2010</b>	<b>3. kvartal 2009</b>	<b>3. kvartal 2008</b>	<b>3. kvartal 2007</b>	<b>3. kvartal 2006</b>
Førde kommune totalt	8,2 %	7,4 %	7,5 %	7,4 %	6,6 %
Kvinner	7,0 %	8,3 %	8,7 %	8,9 %	7,2 %
Menn	3,8 %	5,1 %	4,3 %	3,2 %	4,8 %

**Kommentar:**

I høve til 2009 har sjukefråver blitt redusert like mykje blant kvinner og menn; 1,3 %.

<b>Legemeldt sjukefråver fordelt på alder</b>						
	<b>Årsverk</b>	<b>3. kvartal 2010</b>	<b>3. kvartal 2009</b>	<b>3. kvartal 2008</b>	<b>3. kvartal 2007</b>	<b>3. kvartal 2006</b>
Førde kommune totalt	891	6,2 %	7,4 %	7,5 %	7,4 %	6,6 %
Alder 16-20	12	2,0 %	2,8 %	1,4 %	3,7 %	3,9 %
Alder 21-29	115	6,3 %	6,5 %	6,4 %	6,7 %	6,2 %
Alder 30-39	220	5,6 %	6,2 %	5,5 %	7,7 %	7,5 %
Alder 40-49	252	6,9 %	9,6 %	8,7 %	5,2 %	4,5 %
Alder 50-59	222	6,4 %	6,7 %	8,3 %	7,8 %	8,3 %
Alder 60-69	70	6,5 %	10,8 %	13,2 %	14,0 %	7,3 %

**Kommentar:**

Samanliknar vi 3. kvartal 2010 med 3. kvartal 2009 så er det i aldergruppa 40-49 år og 60-69 år sjukefråveret har hatt størt nedgong.

## Eigarskap

### Eigarskapsoversikt

Selskapets namn	Investert beløp	Endring frå førre år	Eigarandel
Førde Tomteselskap AS	150 000		100,00 %
Sunnfjord Hotell AS	200 000		2,16 %
Sunnfjordtunnellen AS	70 000		33,30 %
Sogn og Fj.teater LL	10 010		7,50 %
AS Fjærlandsvegen	20 000		
Sunnfjord Miljøverk (IKS)			40,13 %
Rødekorsbygget AS	35 000		35,00 %
Sunnfjord Energi AS	44 373 119		22,19 %
Firda Bilag AS	1 236 000	-132 222	12,36 %
Enivest AS	100 900		0,36 %
Ankerløkken eigedom AS	2 004 000		22,20 %
Eigenkapitalinnskott KLP	8 670 172	955 453	
Førde Sør AS	25 000		
Firda Produkt AS			20,40 %
Sunnlab AS			10,00 %
Førde Parkering AS	190 000		
Sunnfj. Næringsutvikling AS	50 000		13,00 %
Alarmsentralen Sogn og fj. IKS			10,46 %
<b>Sum</b>	<b>57 134 201</b>	<b>823 231</b>	

Årsmelding/ årsrapport frå selskapa vert lagt fram som meldingssak til politisk nivå.